

# Plan for trusopplæring
# GUD GIR – VI DELER

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjerådet

**Gud gir – vi deler**
Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja

**ISBN:** 978-82-7545-093-5

© Kyrkjerådet, Den norske kyrkja 2010

Kan bestillast frå www.kyrkja.no/materiell
eller e-post: materiell@kyrkja.no

**Artikkelnummer:**
Bokmål 4241
Nynorsk 4242

Kan òg lastast ned frå
www.kyrkja.no/størstavalt

Kyrkjerådet
Postboks 799 Sentrum
0106 Oslo
Tlf.: 23 08 12 00
post.kirkeradet@kirken.no

**Design:** Tank Design
**Trykk:** RK Grafisk AS

MILJØMERKET
241 450
Trykksak

# Innhald


Forord 3

Føremål og oppbygging 4

1 Livslang læring 5

2 Gud gir – vi deler 6

3 Størst av alt – innhaldet i trusopplæringa 13
- Sentrum i innhaldet i trusopplæringa 13
- Aspekt ved innhaldet i trusopplæringa 14

4 Oppbygginga av trusopplæringa 18
- Systematisk og samanhangande 18
- Breidd, mangfald og djupn 18
- Omfanget av trusopplæringa 19
- Tilrådd oppbygging av ei systematisk trusopplæring 19

5 Konfirmasjonstida 23
- Konfirmasjon og dåp 23
- Innhald og oppbygging 24
- Gudstenester i konfirmasjonstida 24
- Rammer for konfirmasjonstida 25

6 Sentrale dimensjonar i ei heilskapleg trusopplæring 27
- Samarbeid med heimen og familien 27
- Medverknad frå barn og unge 28
- Inkludering og tilrettelegging 28
- Gudsteneste 29
- Diakoni 30
- Misjon 31
- Musikk og kultur 32
- Frivillig medarbeidarskap 33
- Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar 33
- Tverrfagleg samarbeid 34
- Kommunikasjonsarbeid 35

## 7 Lokalt planarbeid 37

Utvikling av lokal trusopplæringsplan 37
Eigarskap, grunnlag og kartlegging 38
Planutvikling og gjennomføring 38
Evaluering og vidareutvikling 39

## 8 Ansvarsforhold 40

Felles ansvar 40
Samarbeid og høvelege einingar 41
Samisk trusopplæring 42
Eigenbetaling 42

## 9 Verktøy 43

Ressursar for fornya trusopplæring 43
Verktøy for lokalt planarbeid 44

## Vedlegg 45

Vedlegg 1: Verktøy for utvikling av lokal plan for trusopplæring 45
Vedlegg 2: Forslag til kjernetekstar i ei fornya trusopplæring 46
Vedlegg 3: Døme på kjernetiltak som kan vere stamma i ei fornya trusopplæring 48
Vedlegg 4a: «Størst av alt» trusopplæring i Bakkebygd kyrkjelyd
Døme på ein lokal plan bygd på innarbeidde breiddetiltak 50
Vedlegg 4b: «Smått er godt» 58

# Forord

«GUD GIR – VI DELER» er sett som overskrift på *Plan for trusopplæring* i Den norske kyrkja. På Jesu oppdrag om å døype til namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande har menneska i dåpen fått del i Guds rike heilt frå den eldste kyrkja. Ein har halde dåp og opplæring saman gjennom erfaring av tru i praksis og kunnskapsformidling i kyrkjelydsfellesskapet. Trusopplæring står heim og kyrkjelyd saman om. Trusopplæringa i kyrkja skjer på mandat frå foreldre/føresette og fadrar som har ønskt dåp.

Heilt sidan den offentlege skulen vart etablert i Noreg på 1700-talet, og fram til slutten av 1900-talet, har kyrkja hatt skulen som ein viktig arena for undervisning av dei døypte, saman med oppseding og tradisjonsformidling i heimen og kyrkja. I dag har ikkje kyrkja lenger skulen som arena for trusopplæring. Trussamfunna har, saman med familien, ansvar for å lære opp medlemmene sine. Planane for skulen og barnehagen legg til rette for samarbeid med kyrkja. Ein må sjå trusopplæringsplanen for den lokale kyrkjelyden i samanheng med religionsundervisningsplanen for skulen og rammeplanen for barnehagen.

I tillegg til undervisninga i skulen har kyrkja undervist barn, unge og vaksne gjennom forvaltning av ord og sakrament og med særskilde undervisningstiltak retta mot ulike grupper. Frå 1969 og fram til trusopplæringsreforma kom i 2004, var det ein viktig utviklingsprosess i kyrkjelege organ og dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane med sikte på ei systematisk opplæring retta mot alle døypte. Gjennom undervisningsprogram for heim og kyrkje (UPRO) i 1970- og 1980-åra og med innføringa av *Plan for dåpsopplæring* frå 1991 har kyrkjelydane teke del i prosessar som har medverka til å utvikle arbeidet i kyrkja på dette feltet. *Plan for trusopplæring* byggjer vidare på denne utviklingsprosessen og på erfaringane frå den innleiande forsøks- og utviklingsfasen for trusopplæringsreforma i perioden 2004–2008, og erstattar *Plan for dåpsopplæring* (1991) og *Plan for konfirmasjonstida* (1998).

Den norske kyrkja arbeider kontinuerleg med å utvikle seg som evangelisk-luthersk folkekyrkje. Gjennom retningsgivande planar og strategiar ønskjer Kyrkjerådet å stimulere til utvikling i kyrkjelydane. Da må ein sjå den lokale trusopplæringsplanen i samanheng med strategiar og planar for diakoni, kyrkjemusikk og kultur, gudstenesteliv og samisk kyrkjeliv. I dei kyrkjelydane der det er samiske barn og unge, skal *Plan for samisk trosopplæring* brukast som ein supplerande plan. Samiske perspektiv er nemnde spesielt i planen fordi samane som urfolk i Noreg har eit særskilt minoritetsvern. I kyrkjelydar med høyrselshemma/døve barn og unge må ein sjå den lokale planen i samanheng med *Plan for hørselshemmede/døve barn og unge.* Ei breitt tilrettelagd trusopplæring er òg nyttig i arbeidet med å styrkje demokratiet i Den norske kyrkja gjennom auka kunnskap og deltaking blant medlemmene. Å vere trygg på si eiga religiøse tilhøyrsle er viktig i eit mangfelt samfunn som utfordrar til toleranse og religionsdialog.

Vi ønskjer at *Plan for trusopplæring* skal vere ein reiskap for å utvikle ei fornya trusopplæring for alle døypte i Den norske kyrkja!

Oslo, januar 2010



Jens-Petter Johnsen
Direktør i Kyrkjerådet

# Føremål og oppbygging

Kyrkja har som grunnleggjande oppdrag å skape disiplar ved å døype og lære å halde alt Jesus har befalt. Vedkjenningsskriftene i Den norske kyrkja seier at dåpen er nødvendig for frelse. Dåpen i den treeinige Guds namn er samtidig ei forvandlande eingongshending og eit livsprogram. På spørsmålet om kva det vil seie å bli døypt i vatn, svarar *Luthers vesle katekisme at: «da skal den gamle Adam i oss druknast ved dagleg anger og bot, og døy med alle synder og vonde lyster, og eit nytt menneske skal dagleg stige fram og leve evig for Gud i rettferd og reinleik.»* I dåpen blir vi fødde på nytt til liv i Kristus. Trusopplæring er å leggje til rette for at den døypte kan leve og vekse i eit livsforhold til den treeinige Gud.

*Plan for trusopplæring* i Den norske kyrkja har som føremål å medverke til ei systematisk og samanhangande trusopplæring som

- vekkjer og styrkjer kristen tru
- gir kjennskap til den treeinige Gud
- medverkar til kristen livstolking og livsmeistring
- utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv

for alle døypte i alderen 0–18 år, uavhengig av funksjonsevne.

Planen er ein kombinasjon av ein rammeplan og eit ressursdokument som skal stimulere arbeidet med å utvikle og gjennomføre lokale planar for trusopplæring. *Plan for trusopplæring* er ein reiskap for kyrkjelydar, sokneråd, tilsette, frivillige, barne- og ungdomsorganisasjonar og andre som har ansvar for trusopplæringa i kyrkjelyden.

Trusopplæringa i kyrkjelyden må utviklast ut frå lokale behov og føresetnader. Kyrkjelydar innanfor forvaltningsområdet for samisk språk og kultur har eit spesielt ansvar for å leggje til rette trusopplæringstilbod for samiske barn og ungdommar.

I denne planen er nemninga *trusopplæring* brukt om oppfølginga i Den norske kyrkja av døypte medlemmer mellom 0 og 18 år, og om opplæring med sikte på dåp for den same aldersgruppa. Trusopplæring er å forstå synonymt med *dåpsopplæring*, slik nemninga er brukt i *Plan for dåpsopplæring* og omtala i tenesteordningar og instruksar for kyrkjelege stillingar og kyrkjeleg verksemd.

Planen er vedteken i Kyrkjemøtet med heimel i § 24 b i kyrkjelova: «*Kirkemøtet fastsetter retningsgivende planer og programmer for den kirkelige undervisning, diakoni, kirkemusikk og for økumenisk virksomhet …*»

Kapittel 1 og 2 gjer greie for grunnlagstenkinga bak planen. Kapittel 3, 4 og 5 gir konkrete føringar for innhaldet i og oppbygginga av trusopplæringa, medan kapittel 6 tek for seg sentrale dimensjonar som skal reflekterast i den lokale planen.

Kapittel 7, 8 og 9 handlar om lokalt planarbeid, ansvarsforhold og verktøy for gjennomføringa av trusopplæringa. Både kapittel 2 og 6 har spørsmål til hjelp i kartlegging, refleksjon og konkretisering i samband med utforminga av plan for den lokale kyrkjelyden. Som vedlegg til planen følgjer det med eit skjema til hjelp for planarbeidet i kyrkjelyden lokalt, eit oversyn over kjernetekstar frå Bibelen, ei liste over kjernetiltak og to døme på ein utteikna plan.

1

# Livslang læring

*Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til disiplar! Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.*
( Matt 28,18–20)

Frå generasjon til generasjon er trua på den treeinige Gud overlevert ved dåp til namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. Foreldre/føresette, fadrar og kyrkjelyd står saman om eit heilagt ansvar med forbønn, omsorg, opplæring og innføring i trua for den som er døypt. Slik kan dei bli hos Kristus, lære om og leve i den trua dei blir døypte til. Kvar livsfase gir nye perspektiv på dåpen. Kyrkjelyden er eit lærande fellesskap der perspektiva hos barn, unge og vaksne utfyller kvarandre på tvers av alder.

I dåpen blir mennesket sameina med Kristus, uavhengig av evna den døypte har til å forstå eller gi uttrykk for trua. Men på same måten som nyfødde må lære livet å kjenne, må dei døypte lære å kjenne den treeinige Gud som dei blir døypte til. Slik barnet oppdagar verda gjennom å smake, kjenne og setje ord på henne, kan trua oppdagast gjennom handlingar, ord og fellesskap. Vi trur på lovnaden om Jesu nærvær i gode og vonde dagar til verdsens ende, og vi uttrykkjer tru gjennom vedkjenning og teneste. Dette er ein livslang prosess.

Nye livserfaringar opnar for ny innsikt i det mangfaldet den kristne dåpen rommar. Slik er dåp og tru både ein ressurs for å tolke og møte dei ulike sidene ved livet, og for å utvikle sin eigen identitet. Trusopplæringa må knytast til livserfaringa og livstolkinga hos barn og unge. Trusopplæring er ein danningsprosess der oppseding, undervisning, kultur- og tradisjonsformidling og kristen tru i praksis spelar saman. Opplæringa må bere preg av totalformidling, der kunnskap og opplevingar i kyrkjelyd og heim gir læring i og av fellesskapet. Når alle døypte tek del i det kyrkjelege fellesskapet, vil det prege trua og livet!

I den eldste kyrkja var katekumenatet ein undervisningsperiode før dåpen. Etter kvart som den kristne trua vart meir utbreidd, og heile familiar vart døypte, vart opplæring etter dåpen meir vanleg. I Den norske kyrkja har katekumenatet i hovudsaka vore opplæring etter barnedåpen, men i aukande grad er det òg behov for dåpsførebuing for barn, unge og vaksne som ønskjer dåp.

Trusopplæringa skal leggje til rette for at barn og unge kan utrustast til å leve i dåpen. Gjennom kvardagsritual, høgtidsfeiring og markering av dei viktige tidene i livet kan heim og kyrkjelyd gå saman om denne oppgåva.

Disiplane som gjekk saman med Jesus, er gode førebilete for eit liv i tru. Dei vart kjende med Jesus ved å vere saman med han, dei fekk undervisning, gjorde sine eigne erfaringar og tok del i arbeidsfellesskapet. Slik opplevde dei tilhøyrsle og utvikla identiteten sin som disiplar. Å vere Jesu disippel er å vere i eit livs- og læringsforhold til den treeinige Gud. Trusopplæring er derfor livslang læring.

2

# Gud gir – vi deler

Gjennom dåpen gjer Gud oss til sine barn og til ein del av kyrkja. Berre Gud kan skape og halde ved like trua hos eit menneske. Gjennom Jesu fødsel og dåp, liv, død og oppstode deler Gud livet her og no og håpet om evig liv med oss. Det skjer når Gud talar til oss gjennom Ordet, dåpen og nattverden. Ved Ordet og sakramenta får vi Den heilage ande, som skaper tru kvar og når Gud vil. I kyrkja kan vi dele tru og fellesskap fordi Gud kvar dag er den som deler først.

*Då Jesus lyfte blikket og såg at det kom mykje folk til han, sa han til Filip: «Kvar skal vi kjøpa brød så alle desse kan få mat?» Det sa han for å prøva Filip, for han visste sjølv kva han ville gjera. Filip svara: «Brød for to hundre denarar er ikkje nok til at kvar av dei kan få eit lite stykke.» Ein annan av disiplane, Andreas, bror til Simon Peter, sa til han: «Det er eit barn her som har fem byggbrød og to fiskar, men kva er det til så mange?» Då sa Jesus: «Lat folket setja seg!» Det var mykje gras der på staden, og dei sette seg. Talet på mennene var omkring fem tusen. Då tok Jesus brøda, bad takkebøn og delte ut til dei medan dei sat der. Like eins delte han ut av fiskane, så mykje dei ville ha. Då dei var mette, sa han til disiplane: «Samla saman dei stykka som er att, så ingen ting går til spille.» Dei samla saman og fylte tolv korger med stykke som var att av dei fem byggbrøda etter at alle hadde ete.*
(Joh 6,5–13)

*I ein konfirmanttime tidleg på hausten stod Chris i sakristiet. Han hadde ein lett hjerneskade og syntest det var spennande å utforske kyrkja. Kva kunne vere i det store skapet? Det stod mange sølvbeger der, og ein liten boks med små brød. «Kan æ få smak?» spurde han. Klart det! Han smaka på brødet. Han vart kjend med forteljinga om den første nattverden. Chris hadde aldri vore med på nattverdsfeiring før. Ei tid etter fekk han høve til det. Han tok imot brød og vin – og kom og sette seg. Da kom spørsmålet straks: «Trur du æ en gang kan få del ut brødet sånn som presten gjør?»*

*Under fastegudstenesta ein kveld i februar stod Chris saman med presten og delte ut brødet med orda: «Dette er Jesu lekam.» Han var godt førebudd. Han stråla! Han gjorde det med alvor, glede og vørdnad. På konfirmasjonsdagen var det han som gjekk først med prosesjonskrossen.*

Chris var konfirmant ein stad i Noreg for ikkje så lenge sidan. Barnet som hadde fem brød og to fiskar, var i fjellet ved Galilea-sjøen for over 2000 år sidan. Dei to har det til felles at dei vart sedde og tekne på alvor. Begge opplevde å få dele brød med mange.

Forteljingane peikar på sentrale sider ved ei fornya trusopplæring:

- Trusopplæring skjer i møte mellom menneske og når menneske møter den treeinige Gud.
- Å leggje til rette for at tru kan praktiserast, er ei viktig oppgåve i trusopplæringa.
- Vi lærer gjennom ord og samtale og ved ulike språk og uttrykksformer.
- Vi lærer gjennom opplevingar og fullverdig deltaking.
- Kyrkja er både læringsarena og innhald i trusopplæringa.
- Barn og unge som høyrer til i kyrkja, utgjer eit stort og rikt mangfald.
- Trusopplæringa skal vere tilrettelagd for alle, uavhengig av funksjonsevne og føresetnader.
- Kven som er «elev» og kven som er «lærar», varierer i samspelet mellom dei som tek del i læringsprosessen.

Grunnlaget for trusopplæringa kan uttrykkjast med overskrifta VI DELER:

**VI DELER tru og undring**
**VI DELER kristne tradisjonar og verdiar**
**VI DELER opplevingar og fellesskap**
**VI DELER håp og kjærleik**

# Vi

*For liksom kroppen er éin, endå han har mange lemer, er alle lemene éin kropp, endå dei er mange. Slik er det med Kristus òg. For med éin Ande vart vi alle døypte til å vera éin kropp, anten vi er jødar eller grekarar, slavar eller frie, og alle fekk vi éin Ande å drikka. For kroppen er heller ikkje éin lem, men mange.*
(1 Kor 12,12–14)

For kyrkja er «vi» i vidaste forstand eit verdsvidt fellesskap, Kristi lekam i verda, og i minste forstand «der to eller tre er samla.» For Den norske kyrkja er vi ein talrik medlemsmasse som til saman utgjer eit fellesskap som viser seg på ulike måtar i ulike situasjonar frå stad til stad. Kyrkjelyden er den staden der kyrkja blir synleg.

Med menneske i alle aldrar, med ulike ressursar og med skilnader i funksjonsevne, kjønn, legning, bakgrunn, kultur og etnisitet, kan alle lokale kyrkjelydar vere eit mangfelt læringsmiljø for alle dei som på grunn av dåpen høyrer til der. Samisk kyrkjeliv er eit verdifullt tilskot til den tradisjonen og det fellesskapet kyrkja i Noreg rommar, både språkleg og kulturelt.

Trusopplæringa må vere inkluderande, stadeigen og lagd til rette slik at alle kan ta del. Da kan dette *vi* fungere som eit så talrikt og mangfelt fellesskap som det faktisk er.

Gjennom å tolke dei viktige tidene i livet, året og kyrkja i lys av den trua vi er døypte til, held vi trua og livet saman. Dei personane som står nærmast barna og dei unge og utgjer kvardagsmiljøet deira i heimen, har ein grunnleggjande funksjon i å leggje til rette for dei – for vekst, utvikling, oppseding og læring. Slik står foreldre/føresette, fadrar, frivillige og tilsette i kyrkjelyden saman om trusopplæringa.

**Kven er det mangfelte vi i kyrkjelyden vår?**

– Kva særpreg har vi som stad og kyrkjelyd? (Geografi, språk, tradisjonar, teologi osv.)
– Kva særmerkjer situasjonen til barn, ungdom og familiane her? (Oppvekstvilkår, sosiale forhold, aktivitetstilbod osv.)
– Kva alternativ og utfordringar ser vi for oss når det gjeld inkludering og tilrettelegging i trusopplæringa?

## Vi deler

*Barnekoret arbeidde med å utforske bakgrunnen for og meininga med ulike delar av høgmesseliturgien. Denne søndagen var det gruppa som hadde arbeidd med kyrieleddet, som skulle dele det dei hadde lært. Gruppa dramatiserte forteljinga om den blinde Bartimeus som ropa ut bønna «Jesus, du Davids son, miskunne deg over meg!» til Jesus som kom forbi. Dei summerte opp med at når vi syng «Kyrie eleison, Gud Fader, miskunne deg», ropar vi til Gud og ber om hjelp og tilgiving for oss sjølve og livet vårt. Ein eldre gudstenestedeltakar takka barna etter gudstenesta for at dei hadde fylt kyrieleddet med meining for henne. Ho hadde sete i kyrkja i alle desse åra utan å leggje noka spesiell meining i orda ho song. Denne søndagen hadde barna vore lærarar for henne!*

*Vi deler* er uttrykk for at kyrkjelyden er eit lærande fellesskap der alle har noko å lære. Somme har opplevd mykje og kan mykje, andre har færre erfaringar og vanskelegare for å setje ord på trua si. Når vi saman utforskar kva kjelder og uttrykksformer trua har i kyrkjelydsfellesskapet, er vi både mottakarar av tenester og omsorg frå kyrkja og deltakarar og medarbeidarar i arbeidet i kyrkjelyden.

Jesus lyfta fram barna som førebilete i Guds rike. Dåpen gir den døypte fullverdig del i Guds rike, uavhengig av alder og evne til å forstå. At barn og unge må få kome til orde, kjem stadig høgare på dagsordenen i samfunnet, og det påverkar oppvekst og oppseding. Det vil òg prege den holdninga kyrkja har til barn og unge. Barn og unge har unike ressursar for å vere med og planleggje og gjennomføre trusopplæringa i kyrkja. Vaksne har eit ansvar for å leggje læringsmiljøet og læringsaktivitetane til rette og for å sikre at barn og unge får medverke og ta medansvar.

**Kva idear og alternativ for trusopplæringa ser din kyrkjelyd i VI DELER-perspektivet?**

- Kva tankar har vi om dei rollene barn, ungdom og vaksne kan ha i trusopplæringa? (Stikkord: gjensidig omsorg, mottakar og sendar, deltaking, deltakar, lærar og elev, medvandrar, leiar, ansvarleg, medarbeidar osv.)
- Kva kan barn og unge dele i trusopplæringa?
- Kva kan vaksne og eldre dele i trusopplæringa?

## Vi deler tru og undring

*Sju treåringar kom til adventssamling. Julekrybba med trefigurar stod klar til å bli presentert for årvakne treåringar. «Dette er den heilage familien – og her er Jesusbarnet.» Jesusbarnet vart teke varsamt ned frå hylla. Barna ville halde babyen i tur og orden før han vart sett ned i midten. «Babyen grine isse mer nå», kom det frå ei lita jente. «Dette er mamma Maria.» Somme klappa Maria. «Mamma», kviskra ein liten gut undrande. «Mamma», tok sidemannen opp att litt høgare. Så kom det: «Å passa på.» Fleire av barna tok opp att: «Passa på.» Josef vart plassert like ved sida av Maria. «Her er Josef, pappaen.» «Pappa» – dei smatta på ordet alle saman. «Å passa på ...», kom det frå den same jenta. Dei andre tok opp att. Slik vart alle figurane tekne ned éin etter éin: gjetarar, sau, esel, kongar. For kvar figur sa barna: «Å passa på.» Dette var undringa hos treåringane ved julekrybba. Gud kom verjelaus og enkelt og vart ein av oss. Barna viste veg djupare inn i julemysteriet denne dagen.*

I evangelia blir det fleire stader fortalt om korleis Jesus skapte tru, undring og tvil gjennom det han sa og gjorde. I trusopplæringa er det viktig å leggje til rette for at barn og unge kan prøve ut tankane og spørsmåla sine, og få hjelp til å tolke livet i lys av den kristne trua. Mange tankar og livserfaringar reiser spørsmål som det er vanskeleg å finne gode svar på. Trusopplæringa må pregast av at trua har eit innhald som vi kan bli kjende med, men òg av at ingen fullt ut kan forstå Gud.

Den verdsvide kyrkja har i Bibelen, i vedkjenningsskrifter og sakramentforvaltning eit felles gods som uttrykkjer kjernen i den kristne trua. Denne truslæra har eit tanke- og handlingsinnhald som trusopplæringa er bygd rundt. Forteljinga i Bibelen frå skaping til gjenskaping er ei grunnforteljing i den kristne kulturen og har ein viktig plass i allmennkulturen, i språket og i alle kunstartene. Kjennskap til den store forteljinga i Bibelen, ord og symbol for tru og erfaring med tru som blir praktisert i fellesskap og i kyrkjelyden og kvardagslivet, er sentralt innhald i trusopplæringa.

- Korleis kan ein leggje til rette for ei trusopplæring som gir hjelp til å tolke livet i lys av kristen tru?
- Korleis kan ein skape rom for undring i undervisning og forkynning i kyrkjelyden?
- Kva er det sentrale innhaldet i trusopplæringa?

## Vi deler kristne tradisjonar og verdiar

*Lavvoen er fylt av konfirmantar. Éin og éin har dei kome inn og sett seg på kne, slik at det blir plass til mange. Vi sit tett; det må vere plass til alle. Røyken svir i auga, men litt meir ved på bålet og eit opptrekk av lavvoduken gjer lufta klarare. På motsett side av inngangen, på andre sida av bålet, er det ingen som sit. Det er det heilage området i lavvoen – Boaššu. Her står matkista med bibel og salmebok. Den åndelege føda vår i dag. Lyset frå bålet gjer at vi kan sjå kvarandre, vi ser Guds skaparverk. Samtalen går lett når vi sit slik i sirkel. «Kva er da eit menneske? Kven er eg? Kva vil Gud med meg? Kva vil eg med livet mitt?» Røyken lyftar bønnene våre opp og ut i haustnatta. Vi syng Kyrie og Gloria, salmane er sungne og Fadervår lese. Litt stive i beina og raudkanta i auga tumlar vi ut av lavvoen. Ei konfirmantsamling er over.*

Kyrkja er berar av tradisjonar og kulturarv. Å forvalte denne arven gjennom å føre tradisjonar vidare i møte med stadig nye tider og nye menneske er ei sentral oppgåve i trusopplæringa. Trusopplæringa kan formidle tradisjonar og kulturarv som uttrykk for og innbyding til tru. Nokre av desse tradisjonane er verdsvide, andre lokale.

Markering av helg og høgtider, kyrkjeår og livsritar er ein stor og rik ressurs for trusopplæringa både i heimen og i kyrkjelydsfellesskapet. Det er feiringar som gir rom for å praktisere tru og formidle trusinnhald. Slik kan trusopplæringa medverke til å byggje religiøs identitet og kulturell tilhøyrsle hos barn og unge. Kunnskap om tru og tradisjon og kyrkjeliv hos det samiske folket er ein viktig del av det tradisjonsgodset alle bør få del i. Impulsar frå andre tradisjonar skaper mangfald og er givande for samfunnet. I trusopplæringa kan vi utvikle arenaer for å utforske dette mangfaldet gjennom kultur- og tradisjonsutveksling og på den måten motivere og utruste til dialog.

Det doble kjærleiksbodet rommar vår grunnleggjande relasjon til Gud og medmenneska. Ut frå dette spring sentrale verdiar som tilgiving, omsorg og solidaritet. Eit gjennomreflektert verdigrunnlag gir ankerfeste. Med utgangspunkt i at kvart menneske er unikt, elska og ansvarleg for å forvalte skaparverket i tråd med Guds vilje og kjærleik,

gir kristne verdiar retning for val og handling. Ei slik verdiforankring gir utrusting til å møte utfordringane i livet og meistre menneskelege relasjonar. Ved å dele kristne tradisjonar og verdiar er trusopplæringa med på å byggje identitet og holdningar som vil kome både individet og fellesskapet til gode.

- Kva kristne tradisjonar kan barn og unge bli kjende med, og kva innhald er knytt til desse tradisjonane?
- Har vi ressurspersonar eller stader som kan trekkjast inn i tradisjonsformidlinga?
- Korleis kan barn og unge utrustast til å gjere gode og sjølvstendige verdival?
- Korleis kan barn og unge erfare å dele tradisjonar og verdiar som del av eit verdsvidt fellesskap?

## Vi deler opplevingar og fellesskap

*Pinsedramaet er nettopp framført av to åtteåringar, to større sysken, to fedrar, ei mor, ein bestefar og presten. Vinden har sprunge rundt dei skjelvande og redde disiplane, og eldhattar har sett seg på hovudet deira. Folket i Jerusalem har fått høyre mange språk – litt improvisert kinesisk og tysk. Pia har fortalt oss på klingande trøndersk at «døden itj' klard å hold' på Jesus, men at'n vart reist opp». Da kjem fem personar fram, og vi får høyre Johannes 3,16 på morsmålet deira: tysk, spansk, swahili, mandarin og maori. Vi deler brød og vin rundt nattverdsbordet, som åtteåringar har duka. Til slutt går vi ut av kyrkjerommet under ein maorisong. Vi feirar gudsteneste saman som ei verdsvid kyrkje.*

Kyrkja er ein god arena for å lære om tru ved å praktisere trua. Vi blir kjende med Bibelen ved å bruke han. Vi lærer om bønn, og vi ber til Gud. Vi lærer om gudsteneste, og vi feirar gudsteneste saman. Slik blir lærdom og kunnskap om trua kopla saman med deltaking og oppleving. Gudsforholdet femner om alle aspekt ved menneskelivet. Felles samtale og refleksjon rundt dei gode og vanskelege sidene ved livet kan hjelpe barn og unge til å meistre tilværet og fungere i samhandling med andre.

Trusopplæringa er ei totalformidling der opplevingar, handlingar, ritual, kjensler, kunnskapar og erfaringar spelar saman. Dette utfordrar oss til å finne fram til arbeidsmåtar og arenaer for trusopplæring som legg til rette for slike breie læringserfaringar. Møtepunkta i trusopplæringa medverkar òg til danning og sosialisering i fellesskap der trua blir praktisert. Samvirke mellom dei tidsavgrensa tiltaka, det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden og dei kristne organisasjonane kan gi meir regelbunden deltaking i slike fellesskap.

- Korleis kan barn, unge og vaksne lære ved å praktisere tru saman?
- Korleis kan vi leggje til rette for ei trusopplæring som er prega av totalformidling og gir heilskaplege læringserfaringar?
- Kva arenaer kan trusopplæringa gå føre seg på, og kven kan vi samarbeide med?

## Vi deler håp og kjærleik

*Nyheitskanalane var enda ein gong dominerte av forferdelege bilete av krig. Fjernsynsbilete av såra barn og provisoriske flyktningleirar trengde seg inn i det trygge livet her heime. Ei gruppe ungdommar diskuterte kva dei kunne gjere. «Vi slår opp telt på torget», sa dei. «Vi samlar inn pengar til flyktningane. Vi vil gjere noko – no!» Så gjorde dei akkurat det. Dei slo opp telt – på torget. Dei samla inn pengar. Dei snakka med folk om at vi alle må bry oss. At menneske har det vondt, og at vi har eit ansvar for å hjelpe. Kyrkja kan ikkje berre snakke om kjærleik. Vi må gjere det.*

I dåpen blir livet nytt. Ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde blir vi fødde på nytt til eit levande håp. Oppstodehåpet sprengjer grensene for dette livet og utfordrar oss til ansvar og kjærleik. I dåpen er ikkje døden det siste ordet. Først etter at livet er slutt, på den yttarste dagen, er dåpen fullbyrda. I oppstoda ligg den fulle innsikta i kva vi heile livet har hatt i dåpen. Dette håpet gir kraft til å møte sorg, motgang og nederlag i livet. Dåpen gir håp for vårt eige liv, håp for den verda vi lever i og eit håp som strekkjer seg ut over denne verda. Dette kan gi hjelp til å møte utfordringane i livet og framtidshåp for kvar og ein.

Guds kjærleik varer jamvel når alle kreftene våre tek slutt. I vanskelege tider er kjærleiken og det kristne håpet ei kraft som skaper mot og vilje til å kjempe mot det som er vondt og nedbrytande, og til å søkje ei betre framtid. Kjærleiken ber i seg eit engasjement for samfunnet, for medmenneska våre og for den verda vi er sette til å forvalte. Guds kjærleik utrustar og utfordrar til omsorg og teneste. Når menneske lir som følgje av urettvise, sjukdom, klimaendringar og krig, vil det å høyre til ei verdsvid kyrkje seie at ein tek del i smerta. Dette er eit kall til handling. Dette må prege både innhaldet og arbeidsmåtane i trusopplæringa.

**Korleis kan trusopplæringa gi håp for vårt eige liv, håp for verda og håp om det evige livet?**

- Korleis kan trusopplæringa utruste barn og unge til å meistre livet?
- Har vi ressurspersonar og miljø som kan gi konkret livshjelp til barn og unge?
- Korleis kan vi leggje til rette for at barn og unge gjennom konkret handling kan praktisere omsorg og solidaritet, lokalt og globalt?
- Korleis kan vaksne lære av barns særeigne kreativitet og engasjement i vårt felles arbeid for skaparverk og rettferd?


NIKE









3

# Størst av alt – innhaldet i trusopplæringa

*Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken.*
(1 Kor 13,13)

«Størst av alt» fokuserer på barnet i Guds rike og på tru, håp og kjærleik som kjernen i trusopplæringa. Kjærleiken er det sentrale verdiomgrepet som forklarer korleis Gud er, og korleis vi blir utfordra til å møte kvarandre.

## Sentrum i innhaldet i trusopplæringa

*I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre. Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar òg vi å elska kvarandre.*
(1 Joh 4,9–11)

Jesus Kristus viser oss Guds nåde i sanning og kjærleik. Guds nåde og kjærleik ber oss og frigjer oss til å elske nesten vår som oss sjølve. Trusopplæringa skal dermed alltid ha eit fokus på det mest sentrale i kristen tru: Gud har vist kjærleiken sin ved å sende sin eigen son, Jesus Kristus, for å døy for syndene våre og forsone alle menneske og verda med seg sjølv. Alle er gjennom dagleg omvending kalla til å leve og vekse i denne trua som blir gitt i dåpen. Trusopplæringa har som hovudoppgåve å lære å halde alt det Jesus har befalt, så alle døypte lever i tru og håp som verkar i kjærleik.

Ei systematisk og samanhangande trusopplæring er ein kontinuerleg utviklings- og læringsprosess som er prega av sentrum i trua. Det skjer ved at kyrkja i tru og tradisjonar møter barn og unge der dei er, og gir hjelp til livstolking og impulsar til å leve ut trua i kvardagen. Gjennom dette møtet er også barn og unge med på å fornye dei kyrkjelege tradisjonane.

Også Det gamle testamentet fortel korleis Guds folk er prega av og deler trua gjennom livslang læring:

*Høyr, Israel! Herren er vår Gud, Herren er éin. Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarta og av heile din hug og av all di makt. Desse orda og boda som eg gjev deg i dag, skal du gøyma i hjarta ditt. Du skal prenta dei inn i borna dine og tala om dei når du sit heime og når du går på vegen, når du legg deg og når du står opp. Du skal binda dei på handa di til eit merke og bera dei på panna som ein minnesetel og skriva dei på dørstolpane i huset ditt og på portane dine.*
(5 Mos 6,4-9)

Kjærleiken til Gud blir uttrykt gjennom kvardagsritual på ein identitetsskapande måte. Vedkjenninga til Gud skal berast i hjartet og formidlast til barna. Ho skal prege heile livet, forholdet til våre nærmaste og til andre menneske.

## Aspekt ved innhaldet i trusopplæringa

Innhaldet i trusopplæringa prøver å halde saman livssituasjonen til den enkelte, trua og tradisjonen i kyrkja og eit fokus på kristen tru i praksis. Til saman er desse aspekta heile innhaldet i trusopplæringa. Sentrum i trua, Guds kjærleik i Jesus Kristus, skal prege alle tiltak, medan ulike aspekt ved innhaldet i trusopplæringa blir systematisk fordelte og utdjupa gjennom ulike tiltak og samvær. Aspekta står i eit dynamisk forhold til kvarandre, slik at dei påverkar kvarandre gjensidig. Til dømes vil eit godt bibelkurs samtidig gi kunnskap om Bibelen, øving i å bruke Bibelen og språk til å reflektere over eige liv.

Ei systematisk og samanhangande trusopplæring er ein kontinuerleg prosess der tidlegare kunnskap og erfaring er knytt til ny og fordjupa kunnskap og erfaring. Slik får barn og unge i trusopplæringa møte dei mest sentrale elementa i trua ut frå ulike innfallsvinklar uavhengig av samanheng og alder.

### Livstolking og livsmeistring

Trusopplæringa skal ta utgangspunkt i livssituasjonen til barn og unge og formidle trua slik at den døypte kan forstå sitt eige liv og sitt eige tilvære i lys av trua på den treeinige Gud. Dette kan gi kvar og ein erfaringar og språk for å tolke livet og forteljinga si i samanheng med korleis Gud handlar i og gjennom historia.

Kristen livstolking går ut på å forstå seg sjølv og tilværet i lys av relasjonen til Gud, til seg sjølv, til andre menneske og til skaparverket. Dette kan gi utrusting til å leve livet i kvardag og høgtid, i sorg og glede, i krise og oppbrot, åleine og i fellesskap. Livsmeistring handlar om å kunne møte livet i gode og vonde dagar, å ha tru på sine eigne ressursar og ha håp for framtida. Å vere skapt og elska av Gud gir grunnlag for eit slikt håp.

### Tru og tradisjon i kyrkja

Trusopplæringa skal formidle kristen tru slik ho kjem til uttrykk i Bibelen, i vedkjenningsskriftene, i gudstenesta og gjennom kulturarven vår. Undervisningstradisjonen i kyrkja har særleg framheva truvedkjenninga, bønnene og boda som sentrale. Kjennskap til sakramenta og kunnskap om historia og tradisjonane i kyrkja, dei samiske medrekna, er sentrale element. Kristendommen har prega det norske samfunnet på mange måtar, og trusopplæringa skal overlevere kristen kultur og tradisjon til nye generasjonar.

### Kristen tru i praksis

I dåpen blir vi fødde på nytt til å leve eit liv i Kristus. Impulsar til å leve dette nye livet er ein viktig del av innhaldet i trusopplæringa. Trua blir mellom anna praktisert gjennom bønn, feiring av gudsteneste, gjennom bibellesing og lovsong og i teneste og etterfølging. Ei innføring i trua gjennom praksis gir hjelp til å leve livet i lys av Kristi kjærleik og nåde. Kristen tru lever ein ut i kvardagen ved å vere medmenneske og medarbeidar i familien, kyrkja og samfunnet ut frå sine eigne føresetnader.

Innhaldet i trusopplæringa utfaldar seg i dei ulike aspekta som illustrert i modellen.




**Innhaldet i trusopplæringa gjennom 18 år**

– Korleis kan sentrum i trua og dei tre aspekta ved innhaldet i trusopplæringa prege trusopplæringa for ulike aldersgrupper?

– Korleis kan dei obligatoriske hovudtema og dei enkelte undertema fordelast og utdjupast gjennom tiltak for dei ulike aldersgruppene i trusopplæringa?

– Vedlegg 2 har eit oversyn over kjernetekstar frå Bibelen og ei anbefaling om å tilpasse bruken av desse tekstane gjennom aldersspennet 0–18 år. Korleis kan vi gjere dette?

# Innhaldet i trusopplæringa

Oversynet viser målsetjingar for kvart aspekt og obligatoriske hovudtema i ei systematisk trusopplæring. Hovudtema står med feit skrift og har ei kort forklaring. Nokre hovudtema har også forslag til konkrete undertema. Sjå eige oversyn over kjernetekstar frå Bibelen i vedlegg 2.

## LIVSTOLKING OG LIVSMEiSTRING

Trusopplæringa skal fremje opplevinga av eigenverd og leggje til rette for at barn og unge kan sjå seg sjølve og tolke tilværet sitt som skapt, elska og halde oppe ved Guds kjærleik.

**Livs- og trushistorie**
Barn og unge skal arbeide med å finne eit språk for si eiga livs- og trushistorie i lys av trua på den treeinige Gud som dei er døypte til.
Dette kan vere tema og erfaringar frå familie, oppvekst, skule og kyrkje.

**Personleg vekst**
Trusopplæringa skal stimulere allmenndanning, personleg og åndeleg vekst og ansvarleg livsførsel – og utfordre til etisk refleksjon og handling. Trusopplæringa skal vere ein arena for samtale for barn og unge.

**Dei store spørsmåla**
Barn og unge skal få høve til å reflektere og undre seg over dei store spørsmåla i livet i lys av den kristne trua. Dette kan vere spørsmål som:
- Kvar kjem eg frå?
- Kven er eg?
- Kva er meininga med livet?
- Kven vil eg vere/bli?
- Kvar skal eg?
- Kva er sant og viktig?
- Det vondes problem
- Forholdet mellom tru og vitskap
- Forholdet mellom kristen tru og ulike religionar og livssyn

## TRU OG TRADISJON I KYRKJA

Gjennom trusopplæringa skal barn og unge lære å kjenne den treeinige Gud gjennom Bibelen som Guds ord, truvedkjenninga, sakramenta og andre sentrale uttrykk for kyrkja si tru. Barn og unge skal bli kjende med dei kristne høgtidene og kyrkja dei høyrer til.

**Den første trusartikkelen**
Barn og unge skal arbeide med kva det vil seie at Gud har skapt mennesket, himmelen og jorda.
- Gud skaper mennesket, jorda og universet
- Det vondes problem
- Guds omsorg for den skapte verda
- Menneskeverd og menneskesyn
- Forvaltaransvar
- Glede og takksemd over skaparverket

**Den andre trusartikkelen**
Barn og unge skal bli kjende med Jesus som venn, frelsar og Herre.
- Jesus er sann Gud og sant menneske
- Jesus openberra Guds gode vilje
- Jesus møter og elskar menneske
- Forsoning og frelse
- Jesu død, oppstode og himmelferd
- Jesus ved høgre handa åt Gud og hos det enkelte mennesket
- Jesus kjem att og held oppgjer

**Den tredje trusartikkelen**
Barn og unge skal bli kjende med korleis Den heilage ande leier inn i kyrkja og frelsa, og fram mot oppstode og evig liv.
- Misjonen, den verdsvide kyrkja og den lokale kyrkjelyden
- Kyrkja som Jesu lekam, og det allmenne prestedømmet
- Andens frukt og Andens gåver
- Synd og omvending, vedkjenning og tilgiving
- Håpet om oppstode og evig liv

**Sakramenta**
Barn og unge skal lære om dåpen og nattverden som nådemiddel og grunnlag for trua.
- Død og oppstode med Kristus
- Krossmerket i dåpen og i kvardagen
- Nattverden og forlating for syndene
- Den nye pakta mellom Gud og menneske

## KRISTEN TRU I PRAKSIS

Gjennom trusopplæringa skal barn og unge arbeide med kva det vil seie å elske Gud, seg sjølv og nesten sin. Dei skal lære å be, lese Bibelen, feire gudsteneste og vise nestekjærleik i praktisk solidaritet. Barn og unge skal få uttrykkje seg sjølve, trua og skaparevna si.

**Bønn**
Barn og unge skal få erfaring med bønner og ritual der kristen tru blir uttrykt. Gjennom trusopplæringa skal dei sjølve lære å be.

**Gudstenestefeiring**
Barn og unge skal ta del i gudstenesta og fellesskapet i kyrkjelyden gjennom dåp, bønn, song, tilbeding, vedkjenning, nattverd og bruk av Guds ord

**Bibellesing**
Barn og unge skal lære å kjenne og bruke Bibelen til hjelp, trøyst, rettleiing og inspirasjon.

**Song, musikk og kultur**
Barn og unge skal få høve til å uttrykkje seg sjølve, uttrykkje tru, tvil, tilbeding, glede og klage gjennom salmar, lovsong, musikk og andre kulturuttrykk. Dei skal lære sentrale salmar knytte til høgtidene.

**Diakoni**
Barn og unge skal delta i den diakonale verksemda til kyrkja uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Dei skal få oppleve omsorg og gjestmildskap.

## Sentrale dimensjonar ved menneskelivet

Barn og unge skal i lys av den kristne trua arbeide med sentrale dimensjonar ved menneskelivet, til dømes

- Kropp, sjølvbilete og identitet
- Vennskap og relasjonar
- Sjølvstende og tilhøyrsle
- Kjærleik, seksualitet og samliv
- Fysisk og psykisk helse
- Kjensler og grenser
- Sorg og tap
- Død og håp
- Godt og vondt
- Rett og rangt
- Synd og skam
- Tilgiving og forsoning
- Tru og tvil
- Utdanning og yrkesval
- Ressursforvaltning og forbruk
- Likestilling og rettferd

## Fadervår og bønn

Barn og unge skal lære Fadervår og kjenne andre uttrykk for bønn, tilbeding og klage, til dømes bordbønn, kveldsbønn, personleg, fri bønn, bibelske bønner og liturgiske bønner.

## Bibelen

Barn og unge skal få kunnskap om korleis Bibelen er bygd opp og vart til, og om frelseshistoria. Det skal leggjast ekstra vekt på evangelia og forteljinga om Jesu liv, død og oppstode. Tekstar som er knytte til dei tre trusartiklane og dei kristne høgtidene, er sentrale.

- Skaping, syndefall og frelseshistorie
- Nokre personar og hendingar i Det gamle testamentet, t.d. Abraham, Sara, Hagar, Josef, Moses, Rut, Ester, David, Jona, Daniel, utferda frå Egypt
- Utval frå Salmane – takk og tillit, klage – og lovsong, bønner
- Utval frå profet- og visdomslitteraturen med vekt på Messias-profetiane og krav om sosial rettferd
- Job og lidingsproblemet
- Forteljingar frå Jesu liv, død og oppstode
- Jesu likningar og undervisninga hans om Guds rike
- Undera til Jesus
- Frå Apostelgjerningane om urkyrkja og den første misjonen
- Utval frå brevlitteraturen med vekt på forsoning, rettferdiggjering ved tru og det nye livet i Kristus
- Endetida med oppgjeret og ein ny himmel og ei ny jord

## Høgtider og merkedagar i kyrkjeåret

Barn og unge skal bli kjende med dei kyrkjelege høgtidene, bakgrunnen for dei, og innhaldet.

- Søndag, advent, jul, fastetida, påske, Kristi himmelfartsdag og pinse
- Andre tema- og merkedagar

## Kyrkja

Barn og unge skal få kunnskap om og kjennskap til kyrkja dei høyrer til, inkludert eit kritisk perspektiv på tradisjonen og historia til kyrkja.

- Det verdsvide kyrkjefellesskapet og oppdraget til kyrkja
- Utvalde epokar og personar frå kyrkjehistoria, t.d. reformasjonen, Martin Luther, Hans Nielsen Hauge, Lars Levi Læstadius og framvekst av frivillige organisasjonar
- Særtrekk ved samisk kyrkjeliv
- Gudsteneste og ritual
- Arkitektur og symbol i kyrkja
- Kyrkjekunst, kyrkjekultur, kyrkjemusikk
- Omsorgstenesta
- Oppbygging og demokrati
- Kyrkjebygg, kyrkjegardar og kyrkjelege tradisjonar

## Misjon og økumenikk

Barn og unge skal få høve til å ta del i den oppgåva kyrkja har fått, ved å sjå og erfare at den kyrkja dei sjølve er ein del av, er eit globalt fellesskap med eit verdsvidt oppdrag.

## Etikk

Barn og unge skal kunne det doble kjærleiksbodet, dei ti boda, den gylne regelen og andre uttrykk for kristne verdiar. Dei skal arbeide med desse verdiane i relasjon til kvardagen sin. Dei skal arbeide med etiske spørsmål i lys av kristen tru og fridom. Dette kan vere spørsmål rundt forbruk, fordeling, samliv og respekt for livet.

## Tilgiving

Barn og unge skal arbeide med tilgiving – å ha behov for tilgiving, å be om tilgiving, å vere tilgitt, å tilgi. Ungdom skal få høve til å gå til samtale, sjelesorg og skrifte.

## Faste og forsaking

Barn og unge skal få impulsar til å leve berekraftig og sjå sine eigne behov i lys det som er best for fellesskapet.

- Barn og unge skal få høve til å delta i lokale pilegrimsvandringar og gjennom det kunne oppleve fellesskap og undring

## Medarbeidarskap

Barn og unge skal få praktisere trua si gjennom aktiv deltaking, ansvar og medarbeidarskap i kyrkje og samfunn.

# 4

# Oppbygginga av trusopplæringa

Denne planen byggjer på nokre grunnleggjande føresetnader:

- Trusopplæringa skal vere systematisk og samanhangande i innhald og oppbygging.
- Ho skal vere heilskapleg og ha eit visst omfang.
- Ho skal vere for alle døypte, med det deltakartalet og det mangfaldet som følgjer av det.

## Systematisk og samanhangande

Kyrkjelydane skal utvikle eit tilbod med eit omfang og ein kontinuitet som gir regelbunden kontakt med dei barna, ungdommane og familiane som trusopplæringa rettar seg mot. Det kan vere tiltak i form av enkeltarrangement eller tiltak som strekkjer seg over ein kortare eller lengre tidsperiode.

Verksemda i kyrkjelyden har ulike uttrykks- og samværsformer. Gjennom gudstenesteliv, diakonalt arbeid, musikalsk og annan kulturell aktivitet gir kyrkjelyden gode rammer for heilskapleg læring. Breiddetiltaka i trusopplæringa skal verke saman med gudstenestelivet og barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden og den formidlinga og trusutøvinga som skjer i heimane.

## Breidd, mangfald og djupn

Trusopplæringa skal rette seg mot alle årskull og vere lagd til rette for alle, uavhengig av funksjonsevne, livssituasjon, kjønn og etnisk bakgrunn. Barn og unge har rett til å medverke. Ei kartlegging av barn og unge i kyrkjelyden og kva som er viktig for dei og familiane deira, er ein føresetnad for å kunne gi eit relevant tilbod som har appell og djupn.

Ei trusopplæring for alle rettar seg mot barn og unge med ulike interesser, evner og føresetnader. Dette utfordrar kyrkjelyden til å leggje til rette for ei trusopplæring med mangfelt og variert innhald og metodeval.

Trusopplæringa skal vere lagd til rette for begge kjønn. Dette må prege utvalet av tekstar og tema i opplæringa, og utfordrar til å bruke eit inkluderande språk som uttrykkjer likeverd mellom kjønna. Ved at både mannlege og kvinnelege leiarar er involverte i trusopplæringa, kan både gutar og jenter finne førebilete som dei kan identifisere seg med.

Trusopplæringa har som eit sentralt mål å styrkje identiteten til barn og unge og gi hjelp til livsmeistring. Gjennom trusopplæringa kan barn og unge med samisk bakgrunn få støtte til å meistre ei todelt kulturell tilknyting. Det vil seie at alle kyrkjelydar i landet må arbeide for å verne om samisk kultur og identitet når barn og unge med samisk bakgrunn tek del i trusopplæringa i kyrkjelyden.

I somme kyrkjelydar er befolkningssamansetnaden slik at det er naturleg å leggje til rette for at barn og unge med ulik etnisk, kulturell og kyrkjeleg tilhøyrsle kan ta del i trusopplæringa sjølv om dei ikkje formelt høyrer til Den norske kyrkja.

Ei trusopplæring for alle vil seie at barn og ungdom med nedsett funksjonsevne eller utviklingshemming opplever tilhøyrsle og får sjanse til å ta aktivt del i fellesskapet. Det gjeld òg dei som ikkje har synlege vanskar, men som lever i ein vanskeleg heimesituasjon eller har sosiale, psykiske eller kognitive problem. Dette krev eit fellesskap prega av gjensidig omsorg og deltaking, der alle får utfalde seg som heile menneske på sin eigen måte. Ei tilpassa trusopplæring for alle uttrykkjer det berande menneskesynet som pregar reforma.

### Omfanget av trusopplæringa

Målsetjinga for ei systematisk og samanhangande trusopplæring er eit rettleiande omfang på 315 timar. Desse timane skal fordelast på dei første 18 leveåra. Det er eit mål at trusopplæringa blir utforma slik at den døypte har eit tilbod om trusopplæring med dette omfanget gjennom desse åra. Dersom deltaking i dei kontinuerlege tilboda frå organisasjonane inngår i planen for ei systematisk og samanhangande trusopplæring for alle døypte i kyrkjelyden, kan timar med deltaking der teljast med. I tillegg til det trusopplæringstilbodet kyrkja gir, vil barn og unge også få opplæring gjennom lokalmiljø, barnehage, skule og heim. Det er sentralt for kyrkja å samarbeide med desse instansane, utan at opplæringa der kan teljast med i det trusopplæringstilbodet kyrkja gir.

Med utgangspunkt i det heilskapssynet på læring i kyrkja som ligg til grunn for denne planen, blir ulike samværsformer og arbeidsmåtar rekna som trusopplæringstimar. Både undervisning og aktivitetsbasert læring, dialog og samtale, gudsteneste og andre former for erfaring av tru i praksis, deltaking og medarbeidarskap, og miljøbyggjande samvær innanfor ramma av kyrkjelydsfellesskapet, inngår i trusopplæringa.

Eit heildagsopplegg i kyrkjelyden eller ein dag på leir har element som til dømes måltid, leik, friluftsaktivitetar, gruppesamtalar, kreativt arbeid, andakt, stille stunder, gudsteneste og undervisning. Slike aktivitetar kan reknast som timar dersom dei har ein funksjon i eit samla og pedagogisk tilrettelagt tilbod. For eit døgn på leir eller liknande kan det reknast inntil åtte timar trusopplæring.

Kyrkjelydane har ulike føresetnader for å utvikle ei trusopplæring med eit slikt omfang. Somme har allereie innarbeidd eit breitt tilbod, medan andre har mindre av ressursar og tradisjonar på dette feltet. Faktorar som folketal og befolkningssamansetnad, geografi, ressursar og bemanning gjer at det må utviklast ei trusopplæring som er tilpassa situasjon og potensialet til kyrkjelyden. Ein må sjå dimensjoneringsnorma i planen i lys av dette.

### Tilrådd oppbygging av ei systematisk trusopplæring

Her følgjer ein gjennomgang av kva som særpregar ulike aldersgrupper, og forslag til fokus, omfang og tiltak for dei ulike aldersgruppene. Målet er å gi felles impulsar til idéutvikling og medverke til å etablere tiltak som kan innarbeidast i trusopplæringa i kyrkja.

Kyrkjelydane står fritt i det lokale planarbeidet til å fastsetje høvelege aldersinndelingar innanfor eller på tvers av aldersinndelingane her. Kyrkjelydane kan utforme mål, tiltak, innhald og omfang i tråd med lokale tilhøve og dei grunnleggjande føresetnadene i denne planen. Kyrkjelydane bør lage eit oversyn som viser korleis tiltaka er fordelte utover i året. Eit slikt årshjul er nyttig både med tanke på planlegging, gjennomføring og informasjonsarbeid. I ressursar som følgjer planen, er det meir konkret stoff til hjelp i gjennomføringa av ei systematisk trusopplæring.

## Dei første leveåra 0–5 år

**FOKUS FOR DENNE ALDERSPERIODEN:**
Byggje kontakt og samarbeid med heimen om å etablere ritual for kvardagane, høgtidsmarkeringar og livsritar. Skape fellesskap for barn og familiar i kyrkjelyden og lokalmiljøet. Utvikle gudstenester som barna/familiane kjenner seg heime i. Styrkje tilhøyrsla til kyrkja.

**OMFANG:** om lag 50 timar.

Kontakten i samband med dåp er eit godt utgangspunkt for samarbeid mellom kyrkjelyd og heim gjennom heile oppveksten.

Det sentrale fokuset desse åra er informasjon og samarbeid rundt dåpsdagen og dialog om korleis heimen, fadrar og kyrkjelyden kan samarbeide om

å følgje opp dåpen. Å støtte foreldra/føresette i foreldreoppgåva og motivere foreldre til å innarbeide vanar der tru blir praktisert i heimen, gjennom kveldsbønn, bordbønn, høgtidsmarkering og dåpsdagsmarkering, er sentrale målsetjingar. Bibelforteljingar og kristne songar er sentralt å lære for barna.

Ved å leggje til rette for vidare kommunikasjon og kontakt etter dåpen byggjer ein møtepunkt mellom heim og kyrkjelyd. Det kan vere informasjon til heimen gjennom helsingar i form av brev, informasjon på nettstaden til kyrkjelyden og materiell til bruk i heimen. Invitasjon til arrangement retta mot bestemte aldersgrupper og til fellesarrangement i kyrkjelyden kan medverke til å utvikle fellesskap for familiar med barn i same alder.

Baby- eller småbarnssong er tiltak som gir fellesskapsopplevingar i kyrkjelyden, samtidig som barn og vaksne saman lærer songar, bønner, leikar og forteljingar som dei kan bruke heime. Utdeling av kyrkjebok til fireåringar har vorte ein tradisjon med god oppslutning i kyrkjelydane rundt om i landet. Dette er eit døme på korleis eit møte med kyrkja og gudstenesta kan stimulere til å praktisere trua i heimen gjennom lesing, song og bønn. Mange stader blir det arrangert oppfølgingssamlingar for fireåringane med familie. Dette skjer ofte i samarbeid med søndagsskulen eller som ledd i eit anna tilbod for aldersgruppa, slik at når det tidsavgrensa tiltaket er over, kan dei som ønskjer det, halde fram i eit kontinuerleg tilbod.

**KJERNETILTAK:** Invitasjon til dåp, dåpssamtale, dåp, familiesamling før eller etter dåpen, fadderkontakt i form av helsing eller samling før dåpen, babysong, trilletreff, familie-/barnegudstenester, fireårsfase med utdeling av bok.

**DØME** på andre aktuelle tiltak: Dåpsperm, søndagsskule, (stor)familiesamlingar, familiekor, høgtidsverkstad, samlingar for barn og foreldre/føresette, aktivitetar i naturen, kyrkjeskule våren før skulestart, skulestartmarkering.

**SAMARBEID MED HEIMEN:** Materiell til bruk i heimen, temakveldar for foreldre/føresette og fadrar, nettbasert kommunikasjon.

## Barndomsåra 6–12 år

**FOKUS FOR DENNE ALDERSPERIODEN:**
Utforske og lære om dei mest sentrale emna i kristen tru gjennom aktiv deltaking.
Innarbeide vanar for kristen tru i praksis. Engasjement og ansvar for andre.

**OMFANG:** om lag 145 timar.

Med høgare alder følgjer meir sjølvstende, men samarbeid med foreldre/føresette og familie er framleis viktig i barneåra. Framleis er tru som blir praktisert i familien, eit grunnelement i trusopplæringa til barnet. I aukande grad vil resten av fellesskapet i kyrkjelyden – og det å bli kjend med kyrkja – vere ein viktig ressurs i samspel med heimen. Nye arenaer opnar seg for barna gjennom skule og høgare aktivitetsnivå i fritida.

Å skape rom for åndeleg liv og læring gjennom forteljingar, songar, leik og utforsking er sentralt. Samtidig må barna få sjanse til å oppleve ro og næreværet av det heilage i livet sitt. Å undre seg over mysterium og symbol kan vere viktig for den åndelege utviklinga hos barnet. Dette er år der det å lære og å meistre nye ting er lystprega for mange. Nye kjelder for opplevingar opnar seg når barna kan lese sjølve, og det er spennande å møte andre tradisjonar og kulturar. Barneåra er ei god tid for å bli kjend med bibelforteljingane og andre forteljingar. Det gir god læring å la barna formidle forteljingane vidare.

Barn i denne alderen har gode føresetnader for å bli kjende med kunnskapsaspekta i trusopplæringa. Mange i denne aldersgruppa kan til dømes la seg

motivere til å lære Fadervår, salmar, bibelvers og truvedkjenninga utanåt. Utfalding gjennom ansvar og oppgåver er ein god måte å lære på i kyrkjelydsfellesskapet og i heimen.

Utvikling av systematisk undervisning i form av kurstilbod etter skuletid, skuleferieopplegg, tilbod på planleggingsdagar og i helgar vil vere tenleg i denne fasen. Det kan skape ein kontinuerleg læringsprosess og utvikle kontakten med barna og familiane deira vidare.

Mot slutten av denne perioden tek barna til å orientere seg mot ungdomsalderen. Dei er ikkje barn lenger og heller ikkje ungdom enno. Kyrkjelydane bør utvikle eigne tiltak for desse eldste barna. I puberteten skjer det ei fysisk og psykisk utvikling. Prosessane med lausriving, arbeid med eigen identitet og auka sjølvstende i høve til verdiane i heimen blir intensiverte i denne perioden. Den unge er ofte sårbar og søkjande, og har behov for stadfesting. Venner er viktige, og saman med dei blir verdiar og valalternativ utforska. Dette fører til meir refleksjon rundt religiøse og eksistensielle spørsmål. Ytre påverknad i form av musikk, film, motar, Internett og andre medium er viktige faktorar for utvikling av sjølvmedvit hos mange. Det blir stilt større krav og lagt meir vekt på prestasjonar. Å medverke til at den unge kan bli trygg på sin eigen verdi og sine eigne ressursar er god livshjelp i denne perioden.

**KJERNETILTAK:** Dåpsklubb for seksåringar, skulestartmarkering, bibelkurs og kyrkjeskule, overnatting i kyrkja, 10-årsjubileum for dåp, leir, tenesteoppgåver, markering av pinsa som fødselsdagen til kyrkja, barne-/familiegudstenester.

**DØME PÅ ANDRE AKTUELLE TILTAK:** Samlingar for barn kombinert med felles måltid for familiane og liturgisk avslutning. Markering av kyrkjelege høgtider og merkedagar. Alternativ feiring av halloween. Aktivitetsdag(ar) i samband med planleggingsdagar og skuleferiar, forteljingssamlingar, oppdagingsvandringar, bu-heime-leir, klubbtilbod, aktivitetstilbod for barn med ulike interesser, som musikk, song, dans, drama, friluft, idrett, bruk av digitale medium. Kontinuerleg arbeid i regi av barne- og ungdomsorganisasjonane. Tenesteoppgåver i kyrkjelyden og nærmiljøet, gudsteneste knytt til diakoni, misjon, solidaritetsaksjonar, vern om skaparverket.

**SAMARBEID MED HEIMEN:** Samlingar for foreldre/føresette med «trusopplæring for vaksne» som også gir innblikk i kva barna møter gjennom tiltaka. Foreldrekurs med aktuelle tema. Informasjon om litteratur og film for aldersgruppa.

## Ungdomsåra 13–18 år

**FOKUS FOR ALDERSPERIODEN:** Å etablere ei reflektert og heilskapleg forståing av den kristne trua i relasjon til eiga livshistorie og framtid. Kristen tru i praksis med vekt på gudstenesta, og saman med kontinuerlege tiltak for ungdom. Trygg sjølvforståing og identitet, disippelskap og etterfølging, val, medarbeidarskap og solidaritet.

**OMFANG:** 120 timar, der 60 timar er knytte til konfirmasjonstida.

Med ungdomsåra følgjer mange endringar og utfordringar. Denne tida er prega av utvikling og utprøving, livsutfalding, sjølvstendiggjering og val. Religiøs tilhøyrsle blir opplevd som noko som kan veljast ut frå eit stort trus- og livssynsmangfald. Spørsmål knytte til utdanning, samliv, samfunnsverdiar og trus- og livsspørsmål er aktuelle. Kyrkja er ein arena for fellesskap der ungdom skal få kunnskap, impulsar til refleksjon og høve til å samtale om viktige livs- og verdival som er aktuelle for dei, og høve til å

uttrykkje trua si. Jamaldringar er ofte viktige samtalepartnarar og førebilete i desse prosessane. Samtidig er det viktig at ungdom møter vaksne som har tid til samtale og nærvær.

Å nå alle i denne aldersgruppa kan vere krevjande. Mange ungdommar har ein aktiv kvardag. Trusopplæring i kyrkja konkurrerer med andre tilbod. Dette stiller krav både til kvaliteten på tiltaka og til motivasjons- og informasjonsarbeid. Kyrkja må vere til stades på dei arenaene der ungdom er. Det er nødvendig å tenkje kreativt omkring samarbeid, særleg med kristne ungdomsorganisasjonar og andre lokale grupper og foreiningar. I dei fleste kyrkjelydar vil det vere naturleg at ein i tillegg til trusopplæringa gir tilbod om vidare fordjuping i trua og hyppigare samlingar. Dette kan skje i samarbeid med ulike partnarar og aktørar. Alle aktivitetar som er retta mot ungdom, må involvere ungdom i planlegginga.

Medverknad frå dei unge er ei viktig satsing i Den norske kyrkja. Det er viktig å leggje til rette for og gjere kjent at ungdom kan vere med og ta ansvar for den lokale kyrkja gjennom deltaking i kyrkjedemokratiet. Det kan vere gjennom tillitsverv og andre former for medarbeidarskap.

I åra før konfirmasjonen er det ei utfordring å halde ved lag og byggje vidare på den kontakten som er etablert i barneåra. Det er sentralt å motivere til å velje konfirmasjonstilbodet frå kyrkja. Konfirmasjonstida er hovudsatsinga til kyrkja når det gjeld trusopplæring i ungdomsfasen. Dette er ei tid der ungdom får eit breitt møte med innhaldet i trusopplæringa gjennom fellesskapslæring i ein omfattande opplæringsperiode i kyrkjelyden. Konfirmasjonstida blir omtala i neste kapittel.

Etter konfirmasjonsalderen kan trusopplæringa byggje vidare på den kontakten som er etablert i konfirmasjonstida. Særleg er det første året etter konfirmasjonen avgjerande for vidare kyrkjeleg engasjement. Mange vil kanskje vere med på gjensynstreff og liknande som ei oppfølging av konfirmasjonen. Somme ønskjer å hjelpe til med arbeid i kyrkjelyden som medarbeidarar eller leiarar. Her kan ein byggje opp tilbod der dei unge kan få høve til å utvikle seg i samspel med andre. Trusopplæringa kan ha ein litt annan karakter enn i tida før konfirmasjonen ved at allmennmenneskelege tema som ungdom er opptekne av, blir relaterte til trua. Ungdomsgudstenester kan vere ein hovudarena for trusopplæringa i ungdomsfasen, der dei unge blir involverte i planlegging og gjennomføring. Samtalegrupper legg til rette for personleg deltaking og refleksjon.

Mange stader i landet må ungdom flytte heimanfrå for å gå på vidaregåande skule. Det kan vere tenleg med samarbeid om trusopplæring mellom heimekyrkjelyd og organisasjonar og kyrkjelyden der skulen ligg. Ein kan òg ha tiltak i tilknyting til helgar, høgtider eller feriar når ungdommane er heime. Det er viktig for trusopplæringa å utvikle ei tilhøyrsle til trua og kyrkja som ikkje er stadbunden.

**KJERNETILTAK:** Tiltak som peikar fram mot konfirmasjonstida, som å informere, motivere og etablere relasjonar. Konfirmasjonstida: Sjå kapittel 5. Oppfølging av konfirmasjonstida, leir, leiarutvikling, medarbeidarskap, tenesteoppgåver, ungdomsgudstenester, samtalegrupper.

**DØME PÅ ANDRE AKTUELLE TILTAK:** Seminar, kurs for hybelbuarar, leir, gjensynstreff, arrangement i samband med russetida, markering av myndigalder, skulelag, klubb, kor, friluftsliv, idrett, solidaritetsaksjonar og økumenikk, Internett, film og medium. Arrangement natt til 1. mai, 17. mai, nyttårsaftan, sankthans osv. Medarbeidarskap i tilknyting til enkeltarrangement, i kontinuerleg arbeid og tillitsverv.

**SAMARBEID MED HEIMEN:** Samlingar for foreldre/føresette i kyrkja kan leggje til rette for samtalar og samspel. Særleg i samband med konfirmasjon kan dette vere aktuelt. Tema som kyrkje, tru og identitet, samliv, etikk, ungdomsspørsmål, foreldrerolla.

5

# Konfirmasjonstida

Målet for konfirmasjonstida er å vekkje og styrkje trua som blir gitt i dåpen, slik at dei unge kan leve i forsaking og tru, tilbeding og teneste som Jesu Kristi disiplar i heim, kyrkjelyd og samfunn.

**FOKUS:** Konfirmasjonstida skal gi eit fullstendig oversyn over og eit møte med innhalds- , praksis- og fellesskapsdimensjonar i trua, i dialog med livsspørsmåla til konfirmanten.

**OMFANG:** 60 timar

Konfirmasjonen har ein sentral plass i trusopplæringa i Den norske kyrkja, og er i tillegg til dåp eit breiddetiltak som er innarbeidd i alle kyrkjelydar. Å fornye og byggje ut trusopplæringa går ut på å vidareutvikle og styrkje konfirmasjonstida både når det gjeld innhald og omfang. Konfirmasjonstida skal integrerast i den lokale planen for trusopplæring.

## Konfirmasjon og dåp

Ordet *konfirmasjon* kjem av det latinske verbet *confirmare*, som tyder å styrkje eller stadfeste.

I den eldste kyrkja var konfirmasjonen ein del av dåpshandlinga som biskopen utførte, med salving og velsigning av den døypte. Av praktiske grunnar vart konfirmasjonen skild frå dåpen i tid. Konfirmasjonen vart derfor oppfatta som ei sjølvstendig handling, og etter kvart eit sjølvstendig sakrament i tillegg til dåpen.

Reformatorane heldt på konfirmasjonen som ordning – som ei førebuinga for dei unge til den første nattverden. Til denne førebuinga høyrde katekismeundervisning og offentleg prøving av kunnskapar. Det var mellom anna denne forståinga som låg til grunn da konfirmasjonen vart innført i Noreg i 1736. Sjølve konfirmasjonshandlinga var ei offentleg stadfesting der konfirmantane både var objekt for Guds stadfesting og subjekt i si personlege stadfesting av viljen til å leve i dåpspakta.

### Frå vedkjenning til stadfesting

Ifølgje luthersk tradisjon innebar konfirmasjonshandlinga ei stadfesting av dåpslovnaden, vedkjenning og velsigning ved handspålegging. I 1981 fekk Den norske kyrkja ei ny ordning der konfirmasjonen vart ei rein forbønns- og velsigningshandling. Konfirmasjonstida gir framleis konfirmanten ei utfordring og høve til å vedkjenne seg trua.

Men tyngdepunktet har flytta seg frå konfirmasjonsdag og forbønnshandling til konfirmasjonstid som ei læretid der det mellom anna blir lagt vekt på involverande arbeidsmåtar som samtalegrupper, leiropphald, tenesteoppgåver og interessegrupper i tillegg til meir tradisjonell undervisning.

Hovudelementet i konfirmasjonsteologien i dag er at Gud stadfestar konfirmanten i trua og i livet. Som deltakar i konfirmasjonstida kan den unge oppleve, reflektere rundt og bli styrkt i trua og tilhøyrsla til

kyrkja. I den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta blir det bede for konfirmanten, og kyrkja stadfestar at den unge er døypt til liv i Kristus.

Grunnlaget for konfirmasjonstida er dåpen, på same måten som for trusopplæringa elles. Dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande forbønnsgudstenesta. Slik blir det understreka at dåpen er grunnleggjande for tru og tilhøyrsle til Kristus og kyrkja.

Når kyrkjelyden inviterer til konfirmasjon, må det gjerast heilt klart at konfirmasjonstida er open for både døypte og udøypte ungdommar. Til unge som ikkje er døypte, ønskjer kyrkja i konfirmasjonstida å gi rettleiing i ein prosess fram mot eit sjølvstendig val når det gjeld tru og dåp.

### Overgangsrite

Konfirmasjonen har tradisjonelt vore forstått som ein viktig livsrite i overgangsfasen mellom barn og vaksen. Han fungerer framleis som overgangsrite, sjølv om mykje er endra i samfunnet, og konfirmasjonen ikkje lenger markerer overgangen til dei vaksne rekkjene. I dag gir konfirmasjonen ungdommane høve til dialog i kyrkjelydsfellesskapet når dei er i ein alder der dei skal gjere seg viktige refleksjonar kring tru, verdiar og vegval for livet. Religiøs myndigalder er i Noreg 15 år. Dermed kan ein òg sjå konfirmasjonstida som ei tid for myndiggjering av medlemmene av kyrkja.

## Innhald og oppbygging

I konfirmasjonstida skal konfirmantane ha arbeidd med alle hovudemna i innhaldet i trusopplæringa, slik dei er omtala i kapittel 3 i denne planen. Innhaldet må veljast ut frå den totale trusopplæringsplanen for kyrkjelyden, og det må byggje på den trusopplæringa konfirmantane tidlegare har fått gjennom oppveksten. Det må leggjast vekt på at konfirmasjonstida skal vere ei vidareføring, og ikkje berre repetisjon og oppsummering.

Alle skal i konfirmasjonstida ha arbeidd med truvedkjenninga, Fadervår og boda. Konfirmantane skal vere fortrulege med gudstenesta, sakramenta og kjenne den store forteljinga i Bibelen – i lys av si eiga og fellesskapet si forteljing. Konfirmasjonstida skal fremje opplevinga av eigenverd og leggje til rette for at konfirmantane kan sjå seg som skapte, elska, frelste og haldne oppe ved Guds kjærleik. Konfirmantane skal arbeide med si eiga tru og undring gjennom samtale og refleksjon. Dei unge skal kjenne til og få høve til å ta del i ulike former for tru i praksis som gir kunnskap og trusopplevingar. Gjennom konfirmasjonstida skal det leggjast til rette for at konfirmantane kan bli kjende med og ta del i arbeidet i kyrkjelyden.

**KJERNETILTAK:** Gudstenester, undervisning, diakoni og andaktsliv er sentrale arbeidsformer som alle konfirmantopplegg må byggjast rundt.

**DØME PÅ ANDRE AKTUELLE TILTAK:**
Deltaking i ungdomsarbeid i kyrkjelyden, leir, samtale- og interessegrupper, temamøte, tenesteaksjon, prosjektarbeid, musikk, dans og drama.

Omfanget av konfirmasjonstida gir konfirmanten høve til å gjennomgå prosessar og byggje relasjonar. Refleksjon og fordjuping gjennom felles opplevingar, undervisning og eige arbeid er prosessar som krev samvær over tid. Halve eller heile dagar, helgeturar og leir gir rom for ei slik utvikling og bør derfor inngå i konfirmantopplegget til kyrkjelyden. Gjennom samtalar med kvar konfirmant, og i mindre grupper, kan ein bli kjend og leggje til rette for ei konfirmasjonstid som er tilpassa den enkelte.

## Gudstenester i konfirmasjonstida

Å møte Guds ord og sakramenta i gudstenestefellesskapet er ein heilt sentral måte å erfare tru i praksis på. Kor sentral gudstenesta er i trusopplæringa, kjem òg til uttrykk i gudstenestene i konfirmasjonstida og den plassen konfirmantane har i kyrkjelydsfellesskapet.

Det er positivt både for konfirmantane og for heile kyrkjelyden som lærande fellesskap at konfirmantane blir involverte i førebuing og gjennomføring av heile eller delar av gudstenesta. Gjennom nærvær, deltaking og medarbeidarskap kan konfirmantane medverke til eit mangfelt gudstenesteliv. Ved at konfirmantane blir nemnde særskilt i forbønna, er dei på ein særleg måte omslutta av forbønna gjennom heile konfirmasjonstida.

I konfirmasjonstida skal det vere minst åtte gudstenester. Dei særskilde gudstenestene som er knytte til konfirmasjonstida, er gudsteneste med presentasjon, samtalegudsteneste(r) og konfirmasjonsgudsteneste med forbønn for kvar konfirmant. Konfirmantane bør møte ulike former for gudsteneste i konfirmasjonstida, jf. gjeldande reglar i *Gudsteneste-*

*bok for Den norske kyrkja*. Arbeidet med gudstenestene må leggje til rette for både variasjon og mangfald, samtidig som ein legg vekt på attkjenning og lokalt særpreg.

## Involvering av familien

Det er tenleg å involvere konfirmantane og foreldre/føresette i planlegging og gjennomføring av konfirmasjonstida for å sikre medverknad og forankring i behova og ønska til konfirmantane og familiane.

Samarbeid og samvær med foreldre/føresette er viktig i konfirmasjonstida. Dei kan involverast i planlegging og gjennomføring av ulike delar av opplegget. I tillegg til eigne foreldresamvær kan ein leggje til rette for møte der foreldre/føresette og konfirmantar saman arbeider med tema knytte til trus- og livsspørsmål. Konfirmasjonen gir også høve til å involvere fadrane gjennom forbønnsteneste og invitasjon til samvær.

Konfirmasjonstida er ei viktig tid for familiane, både den nærmaste familien og storfamilien. Ungdom lever i ulike familiekonstellasjonar, og dei utfordringane dette byr på, må kyrkja møte på ein konstruktiv og inkluderande måte.

SAMARBEID MED HEIMEN: Foreldremøte/kurs med tema som til dømes konfirmasjonen, ungdomsspørsmål og foreldrerolla, samlivstema, tru og identitet, etiske tema. Medarbeidarskap i tilknyting til planlegging og gjennomføring av tiltak i konfirmasjonstida.

## Rammer for konfirmasjonstida

Konfirmasjonen blir normalt gjennomført det året konfirmantane fyller 15 år.

Konfirmasjonstida varer over eit tidsrom på minst åtte månader og har eit omfang på om lag 60 timar. For eit døgn på leir eller liknande kan det reknast inntil åtte timar trusopplæring. For at det i denne perioden skal vere regelbunden kontakt mellom konfirmantar og kyrkjelyd, kan ikkje leir utgjere meir enn 50 prosent av det totale omfanget av konfirmasjonstida.

Konfirmasjonstida skal gjennomførast innanfor ramma av kyrkjelydsfellesskapet, i eit samarbeid mellom tilsette og ulønte medarbeidarar. Konfirmasjonstida har eit heilskapspreg og eit omfang som gjer det naturleg at staben i kyrkjelyden samarbeider tverrfagleg om planlegging og gjennomføring, slik at undervisning, gudstenesteliv, diakoni, kyrkjemusikk og samvirke med anna verksemd i kyrkjelyden inngår i ei tilrettelagd konfirmasjonstid innanfor kyrkjelydsfellesskapet.

Kyrkjelova slår i § 36 fast: «Konfirmasjonsopplæring skal ikke legges til skolens tid, med mindre særlige grunner tilsier det og kommunen har gitt sitt samtykke. Med særlige grunner menes tilrettelagt opplæring for funksjonshemmede, avstander som krever skoleskyss eller liknende forhold som gjør det svært vanskelig å gi et tilfredsstillende opplæringstilbud utenom skolens tid.»

Det er utvikla ressursar som gjer nærmare greie for innhald, organisering og arbeidsmåtar i konfirmasjonstida til hjelp for det lokale planarbeidet i kyrkjelyden. Desse ressursane vidarefører emna i dette kapittelet.











6

# Sentrale dimensjonar i ei heilskapleg trusopplæring

I ei heilskapleg trusopplæring er det fleire dimensjonar som er sentrale i verksemda i kyrkjelyden. Dette kapittelet gir innspel og hjelp til refleksjon i dette arbeidet.

- Ein lokal plan for trusopplæring må innehalde strategiar for korleis desse dimensjonane skal inkluderast i trusopplæringa.

## Samarbeid med heimen og familien

Familien og heimen er dei viktigaste aktørane for oppveksten og utviklinga til barn og unge. Verdiane, livssynet og tradisjonane til foreldra/føresette er det læringsmiljøet barna og ungdommane veks opp i og blir prega av. Kyrkjelyden, foreldre og fadrar står saman om det oppdraget det er å følgje opp dåpen. Det er derfor ei viktig oppgåve for kyrkjelyden å samarbeide med heimen og utruste og motivere til å la kristen tru, kristne verdiar og tradisjonar prege livet i familien. Trusopplæringa i kyrkjelyden må leggje til rette for at det kan utviklast gode relasjonar og godt samspel med familien.

Kontakten i samband med dåpen er eit godt utgangspunkt for samarbeid mellom kyrkjelyd og heim. Gjennom dei ulike tiltaka i trusopplæringa kan foreldre, fadrar og annan familie involverast i planlegging og gjennomføring av tiltak og inspirerast til eigenaktivitet for deltakarane etterpå. Dei tiltaka som blir utforma, kan trekkje inn trusuttrykka i familiane og vekkje attkjenning og formidle respekt.

Trusopplæringa gir høve til å samle familien og styrkje nettverket rundt barn og unge. Barn veks opp i ulike former for familiar. Kyrkjelyden må i kommunikasjonen med heimane og i tilrettelegginga av trusopplæringa romme eit mangfald, slik at alle føler seg inkluderte. Å styrkje familiane er å gi barn og unge betre oppvekstvilkår. Det kan vere ei spesiell utfordring å kommunisere med grupper i kyrkjelyden som tilsette og frivillige til vanleg ikkje har kontakt med.

Samarbeidet mellom heim og kyrkjelyd om trusopplæringa kan sikrast ved at foreldre/føresette blir involverte i utforming, gjennomføring og evaluering av trusopplæringstiltak. Dette kan ein få til ved å ha foreldrerepresentantar i dei utvala som har ansvar for trusopplæringa i kyrkjelyden, med referansegrupper, konkrete oppgåver i gjennomføringa og systematisk evaluering av tiltaka.

- – Korleis kan kyrkjelyden vere ein ressurs for familiane?
- – Korleis kan kyrkjelyden etablere god kommunikasjon med heimane og fadrane i samband med dåp og i oppfølginga av dei døypte gjennom heile oppveksten?
- – Korleis kan trusopplæringstiltak leggjast til rette slik at foreldre, føresette, fadrar og storfamilie blir involverte gjennom deltaking, utforming, gjennomføring og evaluering av tiltaka?
- – På kva måtar kan foreldre og fadrar gjerast kjende med relevant materiell som kan stimulere til at trua blir praktisert og delt heime?

## Medverknad frå barn og unge

Denne planen legg vekt på at barn og unge er fullverdige deltakarar i kyrkjelydsfellesskapet. Under overskrifta «Vi deler» er det fokusert på at ein i kyrkjelydsfellesskapet vekslar mellom å vere mottakar, deltakar og medarbeidar i verksemda i kyrkjelyden.

Medverknad kan i kyrkja særleg grunngivast ut frå det kristne menneskesynet, dåpssynet og forståinga av det allmenne prestedømmet. Rett til medverknad for barn og unge står òg på dagsordenen elles i samfunnet. Medverknad vil seie å få påverke avgjerder og prosessar, slik at synspunkta til den enkelte får konsekvensar for avgjerder som blir tekne, og at eiga deltaking medverkar til handling. I dette ligg retten til å bli teken på alvor og møtt med respekt, og å gi barn og unge rom til å uttrykkje seg.

Kyrkjelyden skal utvikle ei relevant trusopplæring som deltakarane har eigarskap til og motivasjon for å ta del i. Alle barn og unge har ressursar å tilføre i form av idear og ønske, kunnskap og engasjement. I arbeidet med den lokale trusopplæringsplanen må ein derfor leggje til rette for reell medverknad i leiing, planarbeid, gjennomføring og evaluering av trusopplæringa. Medverknad kan sikrast både gjennom pedagogiske metodar og organisatoriske tiltak. Konkret kan det gjerast ved å inkludere barn og unge i dei organa som leier og tek avgjerder, ved å konsultere barn og unge gjennom referansegrupper eller brukarevalueringar og ved å la barn og unge delta og medverke i gjennomføringa av trusopplæringa.

Gjennom deltaking i form av leiaroppgåver og tillitsverv i den lokale kyrkjelyden og dei frivillige organisasjonane kan barn og unge få reell innverknad og utvikle demokratiforståing. Trusopplæringa har òg ei viktig oppgåve i å gi opplæring og motivasjon til å ta del i kyrkjedemokratiet gjennom deltaking i val til sokneråd og bispedømmeråd ved oppnådd religiøs myndigalder det året dei fyller 15.

At barn og unge har rett til medverknad, vil seie at rolla til dei ulike aktørane og ansvarsforholdet til enkeltpersonar må kome tydeleg fram. Vaksne har framleis ansvar – som foreldre/føresette og fadrar eller som tillitsvalde og tilsette med oppgåver i trusopplæringa. For dei yngste aldersgruppene er det heilt nødvendig at vaksne har ansvar for oppseding og undervisning. Medverknaden må byggje på dei føresetnadene barn og unge til kvar tid har.

- På kva måtar kan barn og unge påverke avgjerder i leiing og utvikling av trusopplæringa i kyrkjelyden?
- Korleis kan ein leggje til rette for at deltakinga til enkeltpersonar pregar gjennomføring og evaluering av tiltaka?
- Kva ser vi for oss når det gjeld å utvikle demokratiet i kyrkja og organisasjonane i tilknyting til trusopplæringa?

## Inkludering og tilrettelegging

I 1 Kor 12 blir kyrkja omtala som ein kropp der vi alle er lemmene til kvarandre og avhengige av kvarandre. Det kristne menneskesynet framhevar at alle er skapte likeverdige i Guds bilete. Alle har same menneskeverd og har noko å gi. Menneskerettane understrekar at alle har rett til både å uttrykkje og utøve trua si. Ei tilrettelagd trusopplæring skal innarbeidast i grunnforståinga hos kyrkjelyden, slik at alle barn og unge får eit reelt tilbod om trusopplæring. Med ei tilrettelagd trusopplæring er meint *universell utforming* (tilrettelegging av dei fysiske forholda) og *individuell tilrettelegging* (individuelt tilpassa tiltak). Det knyter seg spesielle utfordringar til å sikre eit tenestetilbod som tek omsyn til denne sida ved trusopplæringa.

Universell utforming er i særleg grad sett på dagsordenen i samfunnet gjennom *diskriminerings- og tilgjengelegheitslova*. Føremålet med lova (§ 1) er «å fremme likestilling og likeverd, sikre like muligheter

og rettigheter til samfunnsdeltakelse for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne». Denne plikta utfordrar til planlegging av undervisningsopplegg og til kreativitet med omsyn til korleis ein kan realisere læringsmål ved å bruke ulike metodar og arenaer. Universell utforming er eit generelt ansvar for kyrkja. Kvart kyrkjeleg fellesråd har ansvar for å leggje til rette for at flest mogleg kan bruke kyrkjebygg og andre lokale. Universelt utforma omgivnader gjer at færre personar med nedsett funksjonsevne treng særskild tilrettelegging.

Samtidig som universell utforming er ei grunnleggjande målsetjing, treng somme barn og unge individuell tilrettelegging og fleire ressursar for å få eit likeverdig tilbod. Det gjeld i særleg grad barn og unge med utviklingshemming og nedsett funksjonsevne. *Opplæringslova og diskriminerings- og tilgjengelegheitslova* slår fast at opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte og leggjast til rette slik at elevar med redusert funksjonsevne får likeverdige opplæringstilbod. Desse ordningane gir viktige retningslinjer også for trusopplæringa i kyrkja. Det kan innebere at det må vere tilbod om tilrettelagde sosiale og pedagogiske opplegg, individuell plan og ekstra oppfølging og ressursar.

Med sikte på å gjere det mogleg for alle barn og unge å ta del i fellesskapet og trusopplæringa i kyrkja må kyrkjelyden vere merksam på og skaffe seg kunnskap om barn og unge i lokalmiljøet som treng individuell tilrettelegging. Barna, ungdommane og foreldre/føresette har ein særskild kompetanse når det gjeld måten trusopplæringa kan leggjast til rette på. Det bør etablerast gode rutinar for oppfølging og informasjon om kven i kyrkjelyden (tilsett eller frivillig) som har hovudansvar for oppfølginga. Det er nødvendig å setje av menneskelege og økonomiske ressursar til dette arbeidet. For å auke kunnskapen og kompetansen hos tilsette og frivillige, og for å kunne gi eit godt tilbod, er det viktig å samarbeide med den enkelte forelder/føresette og eventuelt få samtykke til samarbeid med relevante fagmiljø/fagpersonar og anna støtteapparat.

- Kven treng tilpassa opplæring og særskild tilrettelegging i trusopplæringa i kyrkjelyden?
- Kva må vi gjere for at barn og unge med nedsett funksjonsevne og utviklingshemming skal få dele trua si?
- Korleis inkluderer vi barn og unge med nedsett funksjonsevne eller utviklingshemming i fellesskapet og i tenesta i kyrkjelyden?
- Korleis kan vi etablere eit godt samarbeid med barn og unge, foreldre/føresette og kommunale tenester (helsesyster, PPT, spesialskular, anna støtteapparat osv.)?

## Gudsteneste

Gudstenesta er hovudsamlinga i kyrkjelyden og er i tillegg til eit trusfellesskap også eit læringsfellesskap. Vi lærer gjennom ulike uttrykksformer som tekstar, liturgi, bønner, salmar, kunst og symbolhandlingar. Kyrkjerommet er eit annleis rom som opnar for læring som bind saman kunnskap, praksis og fellesskap. Gudstenesta har såleis ein sentral plass i trusopplæringa.

Denne planen tilrår at alle trusopplæringstiltak skal ha tilknyting til gudstenestelivet i kyrkjelyden, anten i form av deltaking i ei gudsteneste eller ved at gudstenestlege element inngår i undervisningssamværa. Da er møtepunkta i trusopplæringa med på å prege gudstenestelivet ved at barn og unge får ein tydeleg plass i kyrkjelydsfellesskapet. Det vil variere frå tiltak til tiltak om det er gudstenester med til dømes utdeling av fireårsbok eller presentasjon av konfirmantar, eller om trusopplæringa er forankra i det vanlege gudstenestelivet i kyrkjely-

den frå søndag til søndag. Uansett må barn og unge og familiane som tek del i trusopplæringa, oppleve at dei høyrer til i kyrkjelydsfellesskapet, at dei er inkluderte og jamstilte i det «vi» som er samla for Guds ansikt.

Gudstenesta er for alle – uavhengig av funksjonsevne. Det mangfelte språket i gudstenesta i form av ord, bilete, musikk og rørsle gjer det lett å inkludere personar med nedsett funksjonsevne som deltakarar og medarbeidarar.

Tilhøyrsle og eigarskap blir skapt gjennom inkludering og aktiv deltaking. Barn og unge kan delta som medliturgar, dei kan lese tekstar og bønner. Dei kan delta med song, dans, drama, preike, medverke under nattverden osv. Det er viktig at dei er med som aktørar i både førebuing, gjennomføring og evaluering. Gjennom sentrale liturgiske ledd som Fadervår, truvedkjenninga, bønnene og velsigninga møter barn og unge sentrale trusuttrykk som ikkje berre høyrer til i søndagsgudstenesta, men òg i kvardagen.

- Korleis kan vi forankre trusopplæringa i gudstenesta?
- Korleis vil dette prege gudstenestefellesskapets «vi»?
- Gudsteneste for alle – uavhengig av funksjonsevne! Korleis fungerer dette hos oss?
- Kva må gjerast med planleggingsrutinar og ansvars- og oppgåvefordeling for at barn og unge skal kunne ta del i gudstenestelivet i kyrkjelyden?

## Diakoni

«Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.» *Plan for diakoni i Den norske kyrkja* klargjer med denne definisjonen at diakoni er ein del av grunnforståinga av den kristne trua og ein dimensjon ved det å vere kyrkje. Ei diakonal trusopplæring har livshjelp og handlande kjærleik som ein integrert del av læringsomgrepet. Kyrkja kan ikkje berre lære om kjærleik. Trua og vedkjenning må erfarast og praktiserast. Diakonien er ei teneste for medmenneske, skaparverket og ei teneste for Gud. Denne heilskapstenkinga har konsekvensar også for gudstenestelivet og for opplæring i kristen tru.

Diakonien er uløyseleg knytt til målet for trusopplæringa om å medverke til livstolking og livsmeistring. Trusopplæringa skal gi rom for å utvikle eit trygt sjølvbilete, etablere relasjonar, utfordre til teneste og til livsutfalding for heile mennesket – med bruk av ulike sansar, evner og uttrykksmåtar. Alle har behov for å bli møtte med nestekjærleik og omsorg i glede og sorg. Alle barn og unge må møtast og takast vare på som den dei er. Det må vere naturleg og sjølvsagt å dele det sårbare i livet med kvarandre og samtale om livsspørsmål og dei utfordringane og krisene livet gir. For å uttrykkje sorg og vonde kjensler kan språk, symbolhandlingar og sjelesorg vere måtar å medverke til hjelp og støtte på.

Ei diakonal trusopplæring vil sjå, tolke og handle ut frå livserfaringane til barn, unge og familiar. I kontakt med mange barn og unge møter kyrkjelyden somme som har erfaringar med byrder, krenkingar og overgrep. Da må kyrkjelyden fange opp og førebyggje dette, og ha ressursar til å ta seg av og inkludere barn og unge med slike erfaringar. Her bør ein bruke utarbeidd kurs- og ressursmateriell som tek opp tema som til dømes grenseoverskridande åtferd og maktforhold.

Diakoni er ein dimensjon ved all trusopplæring og må konkretiserast i handling. Den diakonale handlinga kjem mellom anna til syne i dei relasjonane vi lever i, og korleis vi forvaltar ressursane på jorda. Gode fellesskap er prega av gjensidig omsorg, respekt og ansvar for kvarandre. Barn og unge bør få oppleve og medverke til opne, trygge og inkluderande fellesskap der det er eit mangfald av menneske med ulik kulturell og etnisk bakgrunn, og med skilnader i alder, seksuell legning, funksjonsevne, sosial og økonomisk status og familie- og livssituasjon.

Skeiv ressursfordeling, klimaendringar og overforbruk har store konsekvensar for heile skaparverket. Naturen og livsvilkåra for menneska er truga av miljøøydeleggingar og urettvise. Solidaritet handlar om gjensidig samhøyrsle, ansvar og handling, lokalt og globalt. Trusopplæringa må på ulike måtar stimulere til og utfordre barn og unge og familiane deira til teneste og samfunnsengasjement. Når barn og unge i kyrkjelyden tek del i internasjonalt engasjement og solidaritet med menneske som lir, får dei oppleve at dei høyer til eit verdsvidt fellesskap der alle har ansvar for kvarandre. Trusopplæringa må rette søkjelyset mot utfordringar og moglege endringar når det gjeld forbruk, miljø og rettferd. Kyrkja må stå saman med grupper i samfunnet som arbeider for å fremje menneskeverdet og ei meir rettferdig verd, og som viser alternativa for ei berekraftig forvaltning av skaparverket.

- Korleis kan diakoniforståinga innarbeidast som ein naturleg del for dei ulike aldersgruppene i trusopplæringa?
- Korleis kan vi leggje til rette for at barn og unge og foreldre/føresette opplever seg som inkluderte i fellesskapet?
- Korleis kan barn og unge lokalt og globalt ta del i teneste og engasjement for omsorg, solidaritet, global rettferd og vern om skaparverket?
- Korleis kan trusopplæringa i kyrkja medverke til at barn og unge og familiane deira blir sedde og får hjelp når livet er vanskeleg?

## Misjon

Misjon tyder sending. Både Kristus og kyrkja prøver alltid å nå vidare ut for å gjere det mogleg for menneske å oppleve at Gud elskar dei, og at dei sjølve kan elske andre. Misjon er eit uttrykk for identiteten til kyrkja, kva kyrkja er, og kva ho er til for. Kyrkja skal vere oppsøkjande. Ho skal dele tru og liv på tvers av geografiske, religiøse, kulturelle og sosiale grenser. Kyrkja skal òg vere inviterande, ho skal byggje fellesskap med menneske, grupper og kulturar som står utanfor. Gjennom nærvær, ord og handlingar skal ho bere fram den gode bodskapen, lokalt og globalt. Barn og unge må få høve til å ta del i denne «sendinga» til verda ved å sjå og oppleve at kyrkja og dei sjølve er ein del av eit globalt fellesskap med eit verdsvidt oppdrag. Fellesskap byggjer ein i familie og naboskap, i vennskap, skule og samfunn. Denne dimensjonen høyrer derfor med i alle fasane av trusopplæringa.

Misjon, dåp og opplæring høyrer saman. Matt 28,18–20 blir kalla både dåpsbefalinga og misjonsbefalinga. Denne teksten inneheld ei oppfordring og eit oppdrag til kyrkja og enkeltmennesket om å dele den gode bodskapen med dei som ikkje har høyrt – både med dei som er nær oss, og dei som bur i andre delar av verda, med alle folkeslag og miljø.

Å dele er ikkje berre å gi, det er òg å ta imot. Misjon er ikkje einvegskommunikasjon, men handlar om å dele respektfullt det beste vi har, det vi sjølve har fått. Vi kan få gi vidare og dele av ressursane våre, og vi kan sjølve få ta imot impulsar og inspirasjon frå kristne sysken i andre land. Gjennom kontakt med menneske i andre delar av verda blir det skapt forståing og respekt. Vi får vite meir om korleis andre lever, og barn og ungdom kan få hjelp til å rette eit kritisk blikk mot sin eigen kultur. I trusopplæringa utvidar vi misjonsdimensjonen mellom anna gjennom samanhengen mellom formidling av evangeliet og kamp for rettferd.

Misjon er eit felles oppdrag for heile den verdsvide kyrkja. Den norske kyrkja samarbeider med misjonsorganisasjonar og andre kyrkjer både i Noreg og i utlandet. Økumenisk samarbeid, samarbeid med misjonsorganisasjonar og kristne bistandsorganisasjonar, lokalt og globalt, kan vere ressursar for å konkretisere misjonsdimensjonen i trusopplæringa.

- Korleis kan barn og unge involverast i og vere aktørar i arbeidet med misjon og internasjonal solidaritet?
- Har kyrkjelyden ein misjonsavtale eller vennskapsavtale, og korleis kan i så fall barn og unge engasjere seg i dette arbeidet?
- Korleis kan vi skape økumeniske møtepunkt med barn og unge i vår eigen kyrkjelyd og barn og unge frå andre kyrkjesamfunn, lokalt og globalt?
- Har vi personar i kyrkjelyden eller lokalmiljøet som har bakgrunn frå systerkyrkjer i andre land, og som kan vere med og gi impulsar til det lokale arbeidet?
- Korleis kan trusopplæringa pregast av at det å dele ikkje berre er å gi, men også å ta imot?

## Musikk og kultur

Den kulturelle verksemda i kyrkjelyden er trusopplæring i brei forstand, med viktig innhald, arenaer og arbeidsmåtar i trusopplæringa. Kunst- og kulturuttrykk gir aktuelle og slitesterke bilete, ord og opplevingar knytte til trua og livet. Musikk og kulturverksemd gjer det mogleg for barn og unge å vere både mottakarar, deltakarar og medarbeidarar i det lærande fellesskapet i kyrkjelyden.

*Plan for kyrkjemusikk* i Den norske kyrkja slår fast at det er eit særmerke ved kyrkja som læringsstad at ho rår over eit mangfald av uttrykks- og samværsformer med læringspotensial. Gjennom arbeid med til dømes bibeltekstar, liturgi og salmar både lærer og opplever vi trua – og deler trua med andre. Det er derfor naturleg å sjå planar for kyrkjemusikk og trusopplæring i samanheng.

I dei kulturelle, musikalske og liturgiske tradisjonane i kyrkja ligg ein rik arv som stadig er i utvikling. Utvalet av salmar, songar og andre uttrykksformer i trusopplæringa må spegle mangfaldet og sikre både tradisjonsformidling og fornying. Samisk kultur, musikk og liturgi høyrer til dette mangfaldet. I den verdsvide kyrkja er kunst og kultur eit språk for å dele tru mellom ulike nasjonalitetar og kulturar. Det gir røter og tilhøyrsle til uttrykksformer som knyter oss saman som kristne. Det er givande å la ulike former for barne- og ungdomskultur kome til uttrykk i trusopplæringa.

Korarbeid er ein sentral læringsarena der songarane får eigarforhold til det som blir sunge, samtidig som dei formidlar trua. Tru kan òg uttrykkjast gjennom dramatisering, dans og biletkunst. Sentrale bibelforteljingar er referanseramme for mykje av den vestlege kunst- og litteraturskatten.

Arbeidet med musikk og annan kultur i trusopplæringa gir høve til tverrfagleg samarbeid mellom dei tilsette i kyrkjelyden. Det ligg òg eit positivt potensial i samarbeid mellom kyrkjelyden, kulturinstitusjonar og kunstnarar i lokalsamfunnet.

- Korleis kan barn og unge møte kulturuttrykk i trusopplæringa som mottakarar, deltakarar og medarbeidarar?
- Kva miljø og personar i kyrkjelyden og lokalsamfunnet kan vere moglege samarbeidspartnarar når det gjeld musikk og annan kultur i trusopplæringa?
- Kva konkrete idear har vi for å bruke song, musikk, dans, forteljing, drama, biletkunst og andre estetiske uttrykksformer i trusopplæringa, og korleis kan det gjerast?

## Frivillig medarbeidarskap

I den lutherske kyrkja gir dåpen del i det allmenne prestedømmet. Ein blir ein del av kyrkjelydsfellesskapet, som ein lem på ein kropp. Kyrkjelyden har eit heilagt ansvar for alle døypte. «Med-lemmene» ber dette ansvaret på ulikt vis. Frivillige medarbeidarar er ikkje medhjelparane til dei tilsette, eller nokon utanfrå som hjelper til, dei er ein del av sjølve kyrkjelyden.

Medlemmene av kyrkjelyden kan medverke på ulike måtar ut frå kompetanse, nådegåver og interesser. Det er ein naturleg del av å høyre til og vekse som kristen i fellesskapet. Det er behov for ulike former for frivillig medarbeidarskap i trusopplæringa. Frivillige kan gå inn i ei forbønnsteneste eller givarteneste. Dei kan ha leiaransvar som tillitsvalde i råd og utval i kyrkjelyden. Dei kan planleggje, leie og gjennomføre tiltak eller delta som medhjelparar med meir avgrensa ansvar i samspel med andre frivillige og tilsette.

Både barn, unge og vaksne kan ha oppgåver og ansvar i trusopplæringa i kyrkjelyden. Frivillig medarbeidarskap er ein sentral del av innhaldet i trusopplæringa. Barn og unge kan mellom anna vere leiarar for yngre barn eller ta del i den diakonale verksemda i kyrkjelyden. Det er ei naturleg side av å leve ut trua. Dette styrkjer tilhøyrsla til kyrkjelyden, og kan gi erfaring som fører fram til vidare teneste i kyrkja.

Å byggje ut eit kvalitativt godt tilbod til alle døypte i alderen 0–18 år krev brei involvering i planlegging og gjennomføring av trusopplæringa, med målretta innsats når det gjeld å arbeide med frivillig medarbeidarskap på dette feltet. Dette er grunnleggjande for å lykkast med trusopplæring for alle døypte. Dei tilsette i kyrkjelyden har gjennom tenesteordningane og arbeidsinstruksane sine medansvar for å stimulere og leggje til rette for frivillig medarbeidarskap. Dette er også eit sentralt ansvar for soknerådet. Vidare er samarbeid med frivillige organisasjonar ein ressurs. Desse organisasjonane har erfaring, nettverk og kompetanse på dette området.

Breiddekontakten i trusopplæringa gir impulsar til å tenkje involverande når det gjeld å rekruttere og følgje opp medlemmer med tanke på frivillig innsats. Dette kan gjelde foreldre/føresette, fadrar og besteforeldre, aktive og ikkje fullt så aktive medlemmer. Det er grunnleggjande å finne ein god strategi som legg til rette for at så mange som mogleg kan medverke med frivillig innsats. Det er også avgjerande for å vitalisere folkekyrkja i brei forstand og for å styrkje demokratiet i kyrkja.

- Har kyrkjelyden nokon plan for rekruttering og oppfølging av frivillige medarbeidarar?
- Korleis blir frivillige medarbeidarar involverte i planlegging og gjennomføring av trusopplæringa i kyrkjelyden?
- Korleis kan barn og unge, uavhengig av funksjonsevne, involverast som frivillige medarbeidarar?
- Kven har ansvar for rekruttering og motivasjon av frivillige medarbeidarar?
- Kva frivillige organisasjonar kan kyrkjelyden samarbeide med?

## Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

Mange kyrkjelydar har aktivitetstilbod i form av kulturverksemd, lag og foreiningar for barn og unge. Det kan vere kor, speidartropp, ungdomsklubb i regi av kristne barne- og ungdomsorganisasjonar eller i samarbeid med kyrkjelyden. Dette er tilbod som utgjer ein verdifull sosialiserings- og læringsarena for dei som tek del i arbeidet.

Dei frivillige kristne organisasjonane er ein viktig ressurs i mange kyrkjelydar med det barne- og ungdomsarbeidet dei driv, og med programma for leiaropplæring. Dei har kompetanse, organisasjonsapparat og vilje til å spele ei rolle i trusopplæringa i

kyrkja. Mange stader er eit slikt samarbeid avgjerande for å utvikle ei systematisk trusopplæring for alle døypte. Særleg er samarbeid om breiddetiltak og leiarutvikling aktuelt. På denne måten får trusopplæringa tilført kompetanse og leiarressursar, og deltakarane i eit breiddetiltak kan få kjennskap til eit miljø som det er aktuelt for dei å vere ein del av også etter at tiltaket er avslutta. Samiske organisasjonar, forsamlingar og språksenter kan medverke til å fremje samisk språk, kultur og samfunnsliv.

Mange kristne organisasjonar har allereie eit godt utvikla trusopplæringsopplegg, og kyrkjelyden kan styrkje tilbodet sitt gjennom samarbeid med ulike organisasjonar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Det er viktig at ein lokalt prøver å få til eit best mogleg samarbeid, slik at trusopplæringsarbeidet kan verke rekrutterande for desse organisasjonane. Når det blir skipa lag og foreiningar i det kontinuerlege arbeidet i kyrkjelyden, er det naturleg at dei blir melde inn i ein nasjonal organisasjon. Det gir eit nettverk og tilgang til materiell, ulike arrangement, leiaroppfølging og ressursar.

Kyrkja er éin av mange aktørar i kvardagen til barn og unge. Trusopplæringa i kyrkjelyden opnar for samarbeid med foreiningar, ressursmiljø og institusjonar om oppvekstmiljøet til barn og unge. Det gir stor vinst å samarbeide med kulturskule, idrettslag, korps, historielag og andre instansar som driv førebyggjande arbeid retta mot barn og unge i nærmiljøet. Det gjer kyrkja meir synleg i lokalsamfunnet, og det kan hjelpe kyrkjelyden med å utvikle tilbod med høg kvalitet.

Det vil vere ein styrke for den samla læringa til barn og unge dersom kyrkjelyden i det lokale planarbeidet kartlegg kva barnehagane og skulane gir av kunnskap og opplevingar knytt til kristendom og kyrkje. Da kan trusopplæringa koordinerast og spele saman med resten av den opplæringa barn og unge tek del i.

- Kva frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar samarbeider vi med?
- Kva breiddetiltak kan kyrkjelyden og organisasjonane naturleg samarbeide om i trusopplæringa?
- Korleis kan organisasjonane vere ressursar i trusopplæringa i kyrkjelyden, og korleis kan kyrkjelyden vere ressursar for dei?
- Kva andre miljø, oppvekstinstitusjonar eller fagpersonar i lokalsamfunnet kan vi samarbeide med?

## Tverrfagleg samarbeid

Tverrfagleg samarbeid er nødvendig for å nå måla for trusopplæringa i kyrkjelyden. Omfanget av trusopplæringa og heilskapssynet på læring utfordrar staben til tverrfagleg samarbeid, der kvar og ein ut frå arbeidsinstruks, kompetanse, erfaring og nådegåver er med på å planleggje og gjennomføre trusopplæringa. Det er eit leiaransvar å sørgje for at alle tilsette saman kan medverke med sin kompetanse i ei fornya trusopplæring. Ein må sjå dei andre planane til kyrkjelyden i samanheng med planen for trusopplæring, og dei tilsette må bruke ressursar og arbeidstid for å gjennomføre dei tiltaka kyrkjelyden har vedteke.

Saman med barne- og ungdomsarbeidarar, trusopplæringsmedarbeidarar, kyrkjelydspedagogar, kateketar, prestar, diakonar, kyrkjemusikarar og andre på feltet undervisning er tilsette med andre hovudoppgåver òg nødvendige for å gjennomføre trusopplæringa i kyrkjelyden.

Med diakonien kjem viktige dimensjonar inn i trusopplæringa, som skal gi livshjelp, som skjer i fellesskapet, og som skal vere tilmåta menneske i ulike livssituasjonar.

Kyrkjemusikalske aktivitetar for barn og unge er ein god arena for å lære bibeltekstar, liturgi og salmar. Gudstenesta er hovudsamlinga i kyrkjelyden og sentral i trusopplæringa. Kyrkjemusikaren har dermed viktige oppgåver i tilknyting til trusopplæringa. Kyrkjetenaren og det administrative perso-

nellet har nøkkelfunksjonar, ettersom dei ofte møter barn, unge og foreldre i samband med ulike tiltak. Måten dei utfører arbeidet sitt på, er med på å prege det inntrykket folk får av kyrkja.

Tverrfagleg verksemd i det utøvande arbeidet i møte med barn og unge er avgjerande for å lykkast med ei fornya trusopplæring. Tverrfagleg verksemd femner også om frivillige medarbeidarar. Det er viktig å leggje til rette for godt samspel mellom kompetansen hos dei tilsette og kompetansen hos frivillige medarbeidarar, og å finne rutinar for korleis tverrfagleg samarbeid kan utviklast. Tverrfagleg verksemd trekkjer dessutan inn den profesjonelle kompetansen til frivillige medarbeidarar.

- Korleis kan tverrfagleg verksemd prege arbeidet med trusopplæringa?
- Korleis samarbeider staben om planlegging og gjennomføring av trusopplæringa?
- Korleis kan kvar og ein medverke med fagkompetansen sin i trusopplæringa i kyrkjelyden?
- Korleis kan ein leggje til rette for godt samspel mellom kompetansen hos tilsette og kompetansen hos frivillige?

## Kommunikasjonsarbeid

Målsetjinga om regelbunden kontakt med alle døypte frå 0 til 18 år gir kyrkjelyden store kommunikasjonsutfordringar. Det er viktig å auke både den generelle kjennskapen til det lokale trusopplæringsarbeidet og å drive informasjonsarbeid og marknadsføring for aktivitetane i kyrkja og kyrkjelyden. Å byggje opp eit godt omdømme og innarbeide nye tiltak krev målretta kommunikasjonsarbeid over tid. Ein bør prioritere kommunikasjon og marknadsføring retta mot grupper som ikkje aktivt søkjer informasjon om det som skjer i regi av kyrkja.

I tilknyting til planane for dei ulike tiltaka må det utarbeidast eigne strategiar for kommunikasjon og marknadsføring. Der bør det gå fram korleis kyrkjelyden kan ta i bruk både betalte og ubetalte kommunikasjonskanalar. Det er nødvendig å setje av menneskelege og økonomiske ressursar til dette arbeidet.

Nettsidene til kyrkjelydane skal gi informasjon om trusopplæringsarbeidet, men det er òg nødvendig å ta i bruk kommunikasjons- og marknadsføringskanalar som når direkte fram til deltakarane. Det må leggjast til rette for nye former for interaktiv nettbasert kommunikasjon i trusopplæringsarbeidet. Skriftleg materiale som plakatar, brosjyrar og pressemeldingar bør, i den monn det er mogleg, følgjast opp med personleg kontakt. Erfaringar viser at det er lett å få omtale av arrangement både i lokalaviser og radio, men ofte krev pressemeldingar oppfølging med telefon eller e-post. Det kan vere lurt å peike ut éin eller fleire i kyrkjelyden til å ha eit spesielt ansvar for kommunikasjonsarbeidet.

Det er utarbeidd ein grafisk profil og eit sett med malar og illustrasjonar til bruk ved utforming av trykksaker og nettsider. Dette ressursmaterialet er tilgjengeleg på www.kyrkja.no.

Kyrkjelydane skal informere om at trusopplæringa vil bli lagd til rette slik at alle skal få sjanse til fullverdig deltaking, uavhengig av livssituasjon og funksjonsevne. Dette bør gjerast tydeleg i invitasjonar, og ein bør be om informasjon ved påmelding.

- Kva erfaringar har vi med kommunikasjons- og marknadsføringsarbeid?
- På kva måtar kan vi presentere trusopplæringsarbeidet slik at det blir oppfatta som relevant for barn og unge, foreldre og føresette?
- Korleis kan kyrkjelyden vår gi informasjonen eit preg som vekkjer attkjenning?
- Kva er dei beste kommunikasjonskanalane hos oss, og korleis kan vi utforme ein plan for kommunikasjonsarbeidet?







# 7

# Lokalt planarbeid

Ut frå grunnlagstenkinga og retningslinjene for denne planen skal kyrkjelyden utarbeide ein lokal trusopplæringsplan som soknerådet skal vedta. Dei tilsette i kyrkjelyden har ei sentral rolle i planarbeidet som fagpersonar og saksbehandlarar i samarbeid med tillitsvalde og frivillige medarbeidarar.

## Utvikling av lokal trusopplæringsplan

Den lokale planen for ei systematisk trusopplæring for alle døypte i alderen 0–18 år må utformast på grunnlag av det særpreget, dei ressursane og dei behova kyrkjelyden har. Kyrkjelydane utgjer eit stort mangfald og har svært ulike utgangspunkt for å utvikle ei trusopplæring i tråd med intensjonane med denne planen.

Den norske kyrkja har over tid utvikla nokre tiltak som når breitt ut og er innarbeidde i mange kyrkjelydar. Døme på slike tiltak er kyrkjebok for fireåringar og konfirmasjonstida. Det er naturleg å byggje ut ein systematisk og samanhangande plan med utgangspunkt i innarbeidde breiddetiltak og i tradisjonane og tilhøva i den lokale kyrkjelyden.

Den systematiske trusopplæringa blir ofte bygd rundt tidsavgrensa breiddetiltak retta mot eit årskull. I kyrkjelydar med få barn i kulla kan det vere betre å samle nokre årskull. Når det gjeld omfang og innhald, kan breiddetiltaka vere både punktuelle, gå over nokre få samvær eller strekkje seg over lang tid. Tiltak av meir punktuell art må ha eit avgrensa innhaldsfokus. Tiltak over litt lengre tid kan ta sikte på å gi ei meir uttømmande innføring i trua, slik konfirmasjonstida fungerer. Når omfanget av trusopplæringa skal utviklast vidare, er det naturleg å ha fleire lengre opplæringsperiodar.

Det vil vere ein styrke dersom det blir etablert strategiske og innhaldsmessige samanhengar mellom dei tidsavgrensa tiltaka og det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet. Konfirmantane kan til dømes i ein del av konfirmasjonstida velje «linjer» og delta nokre gonger i delar av ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. I kyrkjelydar der det ikkje er slik verksemd retta mot ungdom, kan slike «korttidsopplegg» brukast som utgangspunkt for å byggje opp eit kontinuerleg arbeid. På den måten kan dei tidsavgrensa breiddetiltaka styrkjast med ressursar frå det kontinuerlege arbeidet, og det kontinuerlege arbeidet får ei kontaktflate som kan føre til større deltaking.

Det er tenleg å kartleggje om det er «ledige» tider som trusopplæringa kan fylle. Det kan til dømes vere planleggingsdagar, skuleferiar og timane etter skuletid før foreldra kjem heim frå jobb. Kyrkjeåret og skuleåret har mange moglege tilknytingspunkt og høvelege tidsflater for trusopplæringstiltak. Høgtidene og merkedagane i kyrkjeåret gir også gode tilknytingspunkt i innhaldet. Tidspunkta må vere familievennlege og tilpassa kvardagen til barn og unge.

I planarbeidet kan ein ta utgangspunkt i eksisterande breiddetiltak. Deretter kan ein fylle «hola» til ein har eit tilbod til barn og unge frå 0 til 18 år. Alternativt kan ein utvide omfanget av eksisterande tiltak. Eit anna utgangspunkt kan vere å forme trusopplæringa rundt ein berande idé, til dømes pilegrimsmotivet. Ein kan òg ta utgangspunkt i lokale særpreg, slik at ein til dømes ved kysten bruker maritime bilete og tema som tilknytingspunkt for trusopplæringa. Men fascinasjonen over ein berande idé i planarbeidet må ikkje føre til einsidig trusopplæring som manglar den breidda i innhald som trua, kyrkja og livet har.

Som vedlegg til planen følgjer det med eit skjema til hjelp for det lokale planarbeidet i kyrkjelyden, eit oversyn over kjernetekstar frå Bibelen, ei liste over kjernetiltak og to døme på ein utteikna plan.

## Eigarskap, grunnlag og kartlegging

### Eigarskap

Den lokale planlegginga og gjennomføringa må skje i samarbeid mellom sokneråd, fellesråd, utval i kyrkjelyden, tilsette og frivillige medarbeidarar og – der det ligg til rette for det – frivillige organisasjonar og andre samarbeidspartnarar. Det gir rom for dynamikk, kreativitet, eigarskap og godt samarbeid mellom tilsette med ulik fagutdanning og for samarbeid mellom frivillige og tilsette. Barn, unge og foreldre/føresette er hovudpersonar i trusopplæringa, og dei har medråderett. Det vil derfor vere tenleg å involvere dei i planprosessen og i evaluering og vidareutvikling av trusopplæringa. Ein involverande planprosess gjer sitt til at mange får eit eigarforhold til trusopplæringsarbeidet, og dermed blir trusopplæringa forankra i verksemda og sjølvforståinga til kyrkjelyden.

### Grunnlagstenking

Planarbeidet må ta utgangspunkt i refleksjon rundt dei teologiske og pedagogiske prinsippa som ligg til grunn for denne planen. Dømeforteljingane og spørsmålsmetodikken i kapittel 2 og 6 er utvikla med tanke på bruk i samtalar i ulike fora i kyrkjelyden, til dømes stabsmøte, sokneråd, utvalsarbeid, idédugnader, motivasjonssamvær osv.

### Kartlegging

Ei kartlegging av kyrkjelyden og lokalmiljøet vil vere nyttig med tanke på trusopplæring også for anna verksemd i kyrkjelyden. I dei samiske områda bør det skaffast informasjon om samisk kyrkjeliv, men også i andre kyrkjelydar kan det vere aktuelt å samle informasjon om barn og unge med samisk tilknyting.

Gjennom kartlegginga får ein oversyn over kva slags trusopplæringstilbod som finst for alle døypte, og kor mange som deltek. Det er avgjerande at dei enkelte tiltaka må ha potensial til å romme breidda av gruppa dei rettar seg mot. Ei slik kartlegging gir dessutan oversyn over aktuelle tilbod frå barne- og ungdomsorganisasjonar i lokalmiljøet, og ein må ha dialog med dei med tanke på samarbeid og koordinering. Det same gjeld for eventuelle andre kyrkjesamfunn i lokalmiljøet.

Det vil vere tenleg å hente informasjon om kva innhald og aktivitetar som blir formidla i barnehagar og skular når det gjeld kyrkje og kristendom. Formidlinga i skulen og barnehagen er ikkje ein del av den trusopplæringa kyrkja gir, men ein bør sjå innhaldet i trusopplæringa i kyrkja i samanheng med dei planane som gjeld for skulen og barnehagen. På denne måten kan trusopplæringa koordinerast og spele saman med anna opplæring som barn og unge tek del i. Ut frå arbeidet med grunnlagstenkinga og kartlegginga kan det utvilkast målsetjingar og idear for trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden.

## Planutvikling og gjennomføring

### Lokal plan for trusopplæring

Den lokale planen for trusopplæring skal innleiingsvis gjere greie for grunnlag og særpreg, hovudmål, organisering, rammer, ansvarsforhold og sentrale dimensjonar som utgjer fundamentet for trusopplæringa. Planen skal deretter gi eit oversyn over kva tiltak kyrkjelyden byggjer den systematiske og samanhangande trusopplæringa for aldersgruppa 0–18 år rundt, med omtale av mål, innhald, arbeidsformer og omfang. Ein slik plan vil gi oversyn og skal fungere som eit styringsinstrument for vidare utvikling av trusopplæringa i kyrkjelyden. Ein må sjå den lokale trusopplæringsplanen i samanheng med strategiar og planar for diakoni, kyrkjemusikk og kultur, gudstenesteliv og samisk kyrkjeliv.

Det er utvikla eit digitalt planverktøy som kyrkjelyden skal bruke i arbeidet med den lokale planen for trusopplæring. Dette verktøyet er ein god reiskap for kyrkjelydane når dei skal dele og rapportere erfaringar, og for oppfølging når det gjeld fagleg rettleiing og godkjenning av planar. Planverktøyet finst på www.kyrkja.no, og skjemaet er vedlegg til planen.

Mange kyrkjelydar ønskjer i tillegg til dette elektroniske skjemaet å utforme materiell som gir oversyn over trusopplæringsplanen. Dette kan brukast i kommunikasjon med samarbeidspartnarar, heimane og dei ulike gruppene som trusopplæringa rettar seg mot.

### Plan for tiltak

Det må utarbeidast planar for dei ulike tiltaka i trusopplæringa som meir detaljert og konkret gjer greie for mål, innhald, arbeidsmåtar, materiell, ansvarsfordeling og informasjonsstrategi for kvart tiltak. Somme tiltak har avgrensa omfang og tidsramme. Andre tiltaksplanar har større omfang, til dømes plan for konfirmasjonstida.

### Plan for enkeltsamvær

Til kvart samvær må det utarbeidast ein praksisplan som gjer greie for tema, mål, innhald, arbeidsmåtar, tidsrammer, ansvarsfordeling, materiell som skal brukast. Ein gjennomtenkt og samtidig fleksibel plan er eit godt hjelpemiddel i gjennomføringa av samværa i trusopplæringa.

Trusopplæringa skjer ofte i eit tverrfagleg samarbeid med fleire involverte medarbeidarar. Ein praksisplan er ein god reiskap til å skape eit felles oversyn over og forståing av samværet. Praksisplanen er eit godt utgangspunkt når tilsvarande samvær skal takast opp att seinare. Planen gjer det òg mogleg å dele idear og erfaringar med andre kyrkjelydar.

## Evaluering og vidareutvikling

### Evaluering

Evaluering er ein reiskap for å vurdere om trusopplæringa medverkar til å realisere dei måla som er uttrykte i planen, og for å utvikle arbeidet vidare. Det kan vere aktuelt både med evaluering etter gjennomføring av enkeltsamvær og avsluttande evaluering. Det er utvikla verktøy for evaluering som medverkar til at trusopplæringa kan bli stadig betre.

Det er naturleg at både barn, ungdom og foreldre/føresette tek del i evalueringsarbeidet. Resultatet av læringa er dei kunnskapane, dugleikane og erfaringane deltakarane sjølve sit att med. Derfor må trusopplæringa gjennomførast i dialog og med respekt, innleving og kreativitet, slik at det blir skapt eit læringsmiljø der intensjonane med planen blir realiserte på ein god måte.

Det bør leggjast til rette for ein årleg gjennomgang av den lokale trusopplæringsplanen med alle medarbeidarane som er involverte i trusopplæringa i kyrkjelyden, med sikte på vidareutvikling og forbetring ut frå målsetjingane i planen.

### Vidareutvikling

Den lokale planen for trusopplæring er altså ein reiskap som skal gi oversyn over den systematiske trusopplæringa i kyrkjelyden. Ein god plan gir hjelp til å leie, gjennomføre og utvikle arbeidet kontinuerleg.

Lokalt planarbeid, rettleiing, evaluering og bruk av verktøy for læring og erfaringsdeling stimulerer til stadig fornying og utvikling i arbeidet med trusopplæring. I tillegg til den årlege gjennomgangen bør ein derfor gjennomgå og revidere den lokale trusopplæringsplanen ein gong i valperioden til soknerådet.

# 8

# Ansvarsforhold

Dette kapittelet gjer kort greie for dei ordningane som gjeld for ansvarsforhold, tenesteordningar og kyrkjelov. Eventuelle endringar i desse ordningane vil få konsekvensar for ansvarsforhold som er skisserte her.

## Felles ansvar

Foreldre/føresette er hovudansvarlege for oppsedinga og opplæringa av barna sine. Det gjeld også trusopplæring. Gjennom dåpen får foreldre og fadrar, saman med kyrkjelyden og heile kyrkja, del i eit heilagt ansvar for å følgje opp dåpen. Dei ulike aktørane og instansane har ansvar for å samarbeide, slik at alle døypte kan følgjast opp på best mogleg måte.

### Ansvaret til Kyrkjemøtet

Kyrkjemøtet har utarbeidd retningsgivande planar og program for kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og økumenisk verksemd (§ 24 i kyrkjelova). *Plan for trusopplæring* gir rammer og føringar for dei lokale planane i kyrkjelydane.

### Soknet

Den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja er soknet. Organa i soknet er soknerådet og fellesrådet.

### Ansvaret til soknerådet

«Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet» (§ 9 i kyrkjelova). Soknerådet har ansvar for å utarbeide ein lokal plan for trusopplæring. Denne planen skal godkjennast av biskopen, og må reviderast éin gong i valperioden til soknerådet for å sikre fornying og utvikling. Nye soknеråd må gjere seg kjende med den lokale planen for trusopplæring.

### Ansvaret til fellesrådet

Ansvaret og oppgåvene til fellesrådet er omtala i § 14 i kyrkjelova. Trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden krev ressursar i form av lokale, stillingar og driftsmidlar. Slike kostnader må soknerådet og fellesrådet legge inn i budsjetta sine. Kyrkjeleg fellesråd er ansvarleg for å skaffe lokale, utstyr og materiell til trusopplæringa, og vidare skal fellesrådet ta seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna, utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremje samarbeid mellom sokneråda og ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen. Slik blir fellesrådet eit strategisk samhandlingsorgan, både kyrkjelydane imellom og for kontakten mellom den lokale kyrkja og kommunen. Fellesrådet er mottakar av det statlege tilskotet til trusopplæring som blir gitt til kyrkjelydar, og arbeidsgivar for dei stillingane som blir finansierte med slike tilskotsmidlar.

### Bispedømmerådet

«Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet. […] Bispedømmerådet fordeler statlig tilskudd til særskilte stillinger innen kirkelig undervisning og diakoni etter nærmere regler gitt av departementet» (§ 23 i kyrkjelova).

### Ansvaret til dei tilsette

Ei heilskapleg trusopplæring i kyrkjelydane krev tverrfagleg innsats. Det må leggjast til rette for samvirke og samarbeid, slik at kompetansen, ansvarsområda og utrustinga til den enkelte tener trusopplæringa. For samvirke til felles ansvar er det viktig med godt samarbeid mellom dei to arbeidsgivarlinjene i kyrkja.

**KATEKETEN** har etter tenesteordninga (§ 2) ansvar for undervisningsfeltet i kyrkjelyden, ved at kateketen leier undervisningstenesta og har medansvar for å rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar. Kateketen er forplikta på dei planane og prioriteringane sokneådet fastset i samråd med kyrkjeleg fellesråd, innanfor planane og programma for undervisningstenesta i Den norske kyrkja. I kyrkjelydar utan kateketstilling, men med trusopplæringsmedarbeidar eller liknande, må det avklarast kven av dei tilsette som har hovudansvaret for den kyrkjelege undervisninga.

Både kateket og prest har gjennom tenesteordningane ansvar og oppgåver knytte til trusopplæringa.

**KYRKJELYDSPRESTEN** skal etter tenesteordninga (§ 2b) forvalte ord og sakrament slik at det fremjar kristen tru og kristenlivet, forrette kyrkjelege handlingar og drive dåps- og konfirmasjonsopplæring. Kyrkjelydspresten har ut frå tenesteordninga ei sentral rolle i trusopplæringa. Soknepresten har eit særleg ansvar i sokneådet ved utarbeidinga av lokal plan.

**KYRKJELYDSPEDAGOGAR, TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDARAR OG BARNE- OG UNGDOMSARBEIDARAR** planlegg og gjennomfører trusopplæringa i samsvar med dei planane kyrkjelyden har vedteke.

**DIAKONEN** har ansvar for å leie det diakonale arbeidet i kyrkjelyden, der omsorg, fellesskap og solidaritet blir gjort levande. Diakonen har òg medansvar for å rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar (§ 2 i tenesteordninga for diakonar). Diakonen er ein ressurs for sosialpedagogisk verksemd i trusopplæringa.

**KANTOREN ELLER KYRKJEMUSIKAREN** skal etter tenesteordninga (§ 2) leie den kyrkjemusikalske verksemda. Kantoren har også medansvar for å rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar. Kantoren eller kyrkjemusikaren er gjennom det kyrkjemusikalske arbeidet sitt ein ressurs i trusopplæringa.

**DEN DAGLEGE LEIAREN** i kyrkjelyden og/eller **KYRKJEVERJA** skal forvalte det drifts- og arbeidsgivaransvaret fellesrådet er pålagt gjennom kyrkjelova, og har arbeidsgivaransvar for fellesrådstilsette.

**PROSTEN** leier prestetenesta i prostiet og assisterer biskopen i embetsutøvinga. Prosten skal sørgje for den nødvendige samordninga mellom prestetenesta og verksemda til dei kyrkjelege råda (§ 6). Prosten er forplikta på planar og strategiar fastsette for Den norske kyrkja og i bispedømmet, jf. § 2 i kyrkjelova og § 5 i tenesteordninga for prostar.

### Ansvaret til biskopen

Biskopen fører tilsyn med at dei kyrkjelege råda i bispedømmet utfører arbeidet sitt i tråd med den evangelisk-lutherske læra (§ 1 i tenesteordninga for biskopar). Biskopen har eit tilsynsansvar for dei vigsla tenestegruppene. Biskopen er forplikta på dei måla og strategiane som er fastsette for verksemda i Den norske kyrkja, og skal støtte opp om tiltak som fremjar desse måla og strategiane (§ 2). Biskopen skal godkjenne den lokale planen for trusopplæring i kyrkjelyden.

### Godkjenning av plan

Det er sokneådet som har ansvar for å vedta ein lokal plan i tråd med den retningsgivande nasjonale planen for trusopplæring. Den lokale planen skal fyllast inn i ein mal og leggjast fram for biskopen til godkjenning. Biskopen vurderer innhaldet, måla, realismen og systematikken i planen ut frå retningslinjene i den nasjonale planen og lokale forhold. Dersom kyrkjelyden reviderer den lokale planen, og det blir gjort store endringar jamført med den godkjende planen, skal den reviderte planen leggjast fram for biskopen til ny vurdering og godkjenning.

Fellesrådet og sokneådet skal samarbeide om erfaringsdeling og rapportering etter nærmare retningslinjer. Planane til kyrkjelyden skal reviderast éin gong i valperioden til sokneådet for å sikre fornying og utvikling.

## Samarbeid og høvelege einingar

Det er nødvendig å finne høvelege einingar for samarbeid om oppgåver og stillingar i feltet trusopplæring. Moment å vurdere i dette arbeidet er geografi, tal på døypte i årskulla, høve til å opprette stillingar og omsynet til ei utøvande trusopplæring der barn og unge bur. Å finne høvelege einingar som tek på seg ansvar og oppgåver og sørgjer for god ressurs-

utnytting, krev fleksibilitet og evne til samarbeid, både internt i fellesrådsområdet og eventuelt mellom fleire fellesråd.

## Samisk trusopplæring

Kyrkjelydar på stader der det bur samar, har eit særleg ansvar for å fornye seg også på det området som gjeld samisk trusopplæring. *Plan for samisk trosopplæring* er utvikla på grunnlag av samisk kultur, tradisjon og språk. Den norske staten er bygd på territoriet til to folk, samar og nordmenn. I § 110a i Grunnlova heiter det at statlege styresmakter har plikt til å leggje til rette for at det samiske folket kan ta vare på og utvikle kulturen sin, språket og samfunnslivet sitt.

Samiske barn og unge har rett til opplæring og materiell på sitt eige språk, uavhengig av kvar i landet dei bur.

## Eigenbetaling

Trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden krev ressursar i form av lokale, stillingar og driftsmidlar. Slike kostnader må kyrkjelyden leggje inn i budsjettet sitt, og fellesrådet må innarbeide dei i forvaltninga av stillingar og andre ressursar. Soknerådet kan vedta ei viss eigenbetaling for deltakarar i trusopplæringstiltaka for å dekkje kostnader til mellom anna transport, kost og materiell. Eigenbetalinga må vere så låg som mogleg, slik at ho ikkje hindrar deltaking. Det bør også vere mogleg å søkje om fritak for eigenbetalinga.

# 9

# Verktøy

Det blir kontinuerleg utvikla ressursar og verktøy for å gi kyrkjelydane inspirasjon og hjelp i arbeidet med å gjennomføre og vidareutvikle trusopplæringa. Ulike støttestrukturar sikrar fagleg oppfølging, rettleiing og tilrettelegging av arenaer for erfaringsdeling i form av mentorteneste, fagdagar og kurs. Informasjon og digitale ressursar blir tilgjengelege på www.kyrkja.no i form av elektroniske verktøy for planutvikling, rapportering og erfaringsdeling, lenkjer til relevante ressursstader og gjennom ressursmateriell som forlag og organisasjonar gir ut.

Trusopplæringa er ein del av den totale verksemda i kyrkjelyden. Til denne verksemda høyer også gudstenesteliv, diakoni, kyrkjemusikk og arbeid retta mot bestemte aldersgrupper og på tvers av generasjonar og grupperingar. Desse verksemdsområda er delar av eit heile, og samarbeid mellom desse områda er eit godt grunnlag for utvikling og god ressursbruk til beste for fellesskapet. Frivillig medarbeidarskap er grunnleggjande for denne verksemda. Ein heilskapleg kyrkjelydsplan er ein reiskap for å sjå kyrkjelyden under eitt og leggje til rette for godt samarbeid mellom dei ulike felta.

## Ressursar for fornya trusopplæring

### Mentorteneste

Mentortenesta er ei rettleiingsteneste med fokus på trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden. Mentoren har som oppgåve å inspirere og hjelpe kyrkjelyden til å arbeide systematisk for å etablere og gjennomføre ein fornya og integrert lokal plan for trusopplæring for alle døypte i alderen 0 til 18 år. Tenesta skal medverke til at det blir skapt møteplassar for refleksjon og læring, og at utviklingsarbeidet har framdrift og lokalt ankerfeste og er i tråd med sentrale retningslinjer og planar.

### Fagleg oppfølging

Det skal leggjast til rette for og stimulerast til fagleg utvikling og erfaringsdeling gjennom medarbeidarsamlingar både på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, i form av ressursar til lokal kursverksemd, fagleg oppfølging frå bispedømmet og nasjonale tilbod når det gjeld fagleg påfyll og inspirasjon. Erfaringar og ny kunnskap kan òg delast gjennom konferansar, kurs, utdanningstilbod, studiebesøk og materiell- og metodeutvikling.

### Erfaringsdeling

Erfaringar frå dei mange kyrkjelydane som har drive forsøksarbeid, er tilgjengelege i ulik form i ressursbanken på www.kyrkja.no, og i trykte medium som til dømes temahefte baserte på erfaringar frå utviklingsarbeid og anna fagutvikling på feltet. I ressursdatabasen for trusopplæringa ligg innlegg frå kyrkjelydar, organisasjonar og faginstitusjonar i form av plandokument, ressursar for grunnlagstenking, pedagogisk utviklingsarbeid, konkrete opplegg, kommunikasjonsmateriell med meir. Her er det òg tilvisingar til relevante nettstader.

### Materiell for trusopplæringa

Forlag, organisasjonar og kyrkjelydar utviklar materiell for trusopplæring i kyrkjelyden og heimen. Ressursbanken gir hjelp til å søkje i oversyn over slikt materiell og viser til relevante nettstader.

### Ressursar for samisk trusopplæring

Det blir utvikla materiell og ressursstoff som til dømes salmebok og nytestamente, fireårsbok, fadderbrosjyrar på nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. Det er òg utvikla ein nettstad for samisk trusopplæring: www.osko.no.

### Ressursar for tilrettelagd trusopplæring

Det blir utvikla ressursar for arbeid med barn og unge med behov for særskild tilrettelegging, til dømes i form av materiell og pedagogiske hjelpemiddel på ulike språk og med ulike uttrykksformer tilpassa ulike behov (teiknspråk, blindeskrift, lydbok). Døvekyrkja har utvikla ein eigen plan for trusopplæring retta mot høyrselshemma og døve. Planen er tilgjengeleg på www.dovekirken.no. Kristent Arbeid Blant Blinde (KABB) utviklar ressursar som er tilrettelagde for blinde, synshemma og personar med lese- og skrivevanskar. Sjå www.kabb.no.

### Ressursar for kommunikasjon

Kyrkjelydane må ha eit aktivt forhold til alle døypte og på ein mottakarorientert måte formidle informasjon om kyrkja og det tilbodet ho gir. Det er utvikla malar, logoar og ressursmateriell som kyrkjelyden kan bruke i arbeidet med kommunikasjon. Ei fornya trusopplæring går føre seg på ulike arenaer og i ulike kanalar. Digitale arbeids- og kommunikasjonsmåtar er ein naturleg del av ei fornya trusopplæring for barn, unge og deira foreldre/føresette.

## Verktøy for lokalt planarbeid

Alle kyrkjelydar kan opprette ei eiga side på www.kyrkja.no, der mange verktøy er tilgjengelege i form av elektroniske skjema for planutvikling, rapportering og erfaringsdeling. Her finst ressursar og idear for arbeidet med å utvikle lokal plan for trusopplæring. I tillegg finst ressursstoff for planlegging av tiltak retta mot ulike aldersgrupper.

Ein må sjå den lokale planen i samanheng med strategiar og planar for diakoni, kyrkjemusikk og kultur og gudstenesteliv.

Ei fornya trusopplæring krev refleksjon over praksis på ein måte som gir læring og impulsar til fornya praksis. Som grunnlag for ein slik refleksjon må også deltakarvurderingar hentast inn.

Døme på verktøy er:

- Mal for heilskapleg kyrkjelydsplan, der plan for trusopplæring inngår
- Verktøy for utvikling av lokal plan for trusopplæring
- Kartleggings- og analyseverktøy
- Verktøy for arbeid med grunnlagstenking
- Verktøy for refleksjon og erfaringsdeling
- Oversyn over ulike element i innhaldet i trusopplæringa
- Døme på lokale planar
- Malar for budsjett og rekneskapar
- Kommunikasjonsmateriell: utformingsmalar og anna ressursstoff
- Planar for andre verksemdsfelt
- Evalueringsverktøy, til dømes «Stadig betre»

# Verktøy for utvikling av lokal plan for trusopplæring

*(Skjemaet finst i elektronisk versjon på www.kyrkja.no.)*

| | |
|---|---|
| Hovudmål for trusopplæringa<br>*Kva har kyrkjelyden som hovudmål for trusopplæringa?* | |
| Grunnlag og særpreg<br>*Her kan de gjere greie for kva som særmerkjer dykk som kyrkjelyd, og kva de legg til grunn for ei fornya trusopplæring for alle døypte hos dykk. (Jf. kap. 2 i planen)* | |
| Organisering, rammer og ansvar<br>*Kven har ansvar for kva? Kva føresetnader og rammer må de leggje til grunn ? Skisser eventuelle samarbeidskonstellasjonar.* | |

## Sentrale dimensjonar i ei systematisk trusopplæring

*I ei heilskapleg trusopplæring er det fleire dimensjonar som er sentrale i verksemda til kyrkjelyden. Her kan de gjere greie for korleis de vil trekkje desse dimensjonane inn i ei fornya trusopplæring.*

| Sentral dimensjon | Beskriving | Eventuelle vedlegg |
|---|---|---|
| Samarbeid med heimen og familien | | |
| Medverknad frå barn og unge | | |
| Inkludering og tilrettelegging | | |
| Gudsteneste | | |
| Diakoni | | |
| Misjon | | |
| Musikk og kultur | | |
| Frivillig medarbeidarskap | | |
| Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar | | |
| Tverrfagleg samarbeid | | |
| Kommunikasjonsarbeid | | |

## Tiltak i ei systematisk og samanhangande trusopplæring for alderen 0–18 år

*Her kan de gjere greie for korleis de vil byggje opp ei systematisk og samanhangande trusopplæring for alle døypte i kyrkjelyden dykkar. Sjå døme på tiltak og utteikna planar i vedlegg.*

| Alder | Namn på tiltak | Mål for tiltaket | Tema/innhald | | | Arbeids-måtar | Omfang | Beskriving | Vedlegg |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Livstolking og livsmeistring | Tru og tradisjon i kyrkja | Kristen tru i praksis | | | | |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | |

VEDLEGG

# 2 Forslag til kjernetekstar i ei fornya trusopplæring

Eit viktig element i trusopplæringa i kyrkja er å gi barn og unge kjennskap til sentrale tekstar frå Bibelen. Nedanfor er det eit oversyn over kjernetekstar frå Bibelen til bruk i trusopplæringa. Tekstane er i tråd med framstillinga i kapittel 3. Utvalet er gjort ut frå desse kriteria: tekstar om dei sentrale høgtidene og liturgien, forteljingar frå Jesu liv og undervisning, utval frå brevlitteraturen, katekismetradisjonen, utvalde salmar, eit riss av den store forteljinga i Bibelen.

Det er avgjerande at ein tilpassar bruken av tekstane gjennom aldersspennet 0–18 år. For dei yngste aldersgruppene legg ein vekt på å bruke konkret forteljingsstoff om skapinga og frå evangelia, medan ein med fordel kan utvide teksttilfanget for dei eldre aldersgruppene. Dette legg til rette for ei utvida forståing av bodskapen i Bibelen og for å ta opp att og fordjupe det sentrale.

Mange av tekstane inngår i tekstboka for Den norske kyrkja. Tekstboka er ein god ressurs for arbeid med Bibelen i trusopplæringa, og særleg høver forteljingstekstane godt i formidlinga. I oversynet her er det teke med nokre lengre tekstar som forslag til samanhangande lesing.

| | |
|---|---|
| Juleevangeliet | Luk 2,1–20 |
| Påskeforteljinga | Matt 26,1–28,10 |
| Såra for brota våre | Jes 52,13–53, 5 |
| Dåps- og misjonsbefaling og Kristi himmelferd | Matt 28,16–20 og Apg 1,1–14 |
| Talsmannen | Joh 14,16–18 |
| Pinsedag | Apg 2,1–13 |
| | |
| Jesus som 12-åring i tempelet | Luk 2,41–52 |
| Jesus mettar 5000, Jesus går på vatnet | Joh 6,1–35 |
| Jesus tek imot barna | Mark 10,13–16 |
| Guds barn | Joh 1,9–12 |
| | |
| Jesus er vegen og sanninga og livet | Joh 14,6 |
| Enkjesonen i Nain | Luk 7,11–17 |
| Jesus hos Marta og Maria | Luk 10,38–42 |
| Tollaren og farisearen | Luk 18,9–14 |
| Jesus og den rike unge mannen | Luk 18,18–30 |
| Jesus og Tomas | Joh 20,24–29 |
| Guds rike som sennepsfrøet | Mark 4,30–34 |
| Den miskunnsame samaritanen | Luk 10,25–37 |
| Sauen som vart funnen | Luk 15,1–7 |
| Ein far som venta | Luk 15,11–32 |
| Bergpreika | Luk 6,20–49 |
| Fadervår | Matt 6,6–13 |
| Det doble kjærleiksbodet | Matt 22,37–40 |
| Den gylne regelen | Matt 7,12 |
| Den vesle bibelen | Joh 3,16 |

| | |
|---|---|
| Kjærleikens høgsong | 1 Kor 13 |
| Guds kjærleik | 1 Joh 4,7–11 |
| Fred med Gud, rettferdiggjord av tru | Rom 5,1–11 |
| Av nåde er de frelste | Ef 2,1–10 |
| Livet i Anden | Gal 5,16–26 |
| Gled dykk! | Fil 4,4–8 |
| | |
| Herren er vår Gud | 5 Mos 6,4–9 |
| Velsigninga | 4 Mos 6,22–27 |
| | |
| Kva er da eit menneske? | Salme 8 |
| Herren er min hyrding | Salme 23 |
| Tilgi meg Gud | Salme 51 |
| Bønn, klage og tillit | Salme 71 |
| Eg er skapt på skræmeleg underfull vis | Salme 139 |
| Lovsyng Gud! | Salme 150 |
| | |
| Skaping og syndefall | 1 Mos 1,1–3,24 |
| Guds lovnad til Abraham | 1 Mos 12,1–3 |
| Miriam reddar Moses | 2 Mos 2,1–10 |
| Gud kallar Moses | 2 Mos 2,23–3,15; 4,10–16 |
| Dei ti boda | 2 Mos 19,20; 20,1–20 |
| Den store soningsdagen | 3 Mos 16 |
| Samuel i tempelet | 1 Sam 3 |
| Guds lovnad til David og ætta hans | 2 Sam 7,1–17 |
| Møte med Den heilage | Jes 6,1–8 |
| Sosial rettferd | Amos 5,7–15 |
| Ny himmel og ny jord | Op 1,1–2; 21,1–5 |

## Døme på tekstar til samanhangande lesing:

- Evangeliet etter Markus
- Paulus' brev til filipparane
- Paulus' brev til efesarane
- Utferda frå Egypt
- Rut
- Jona

VEDLEGG

3

# Døme på kjernetiltak som kan vere stamma i ei fornya trusopplæring

Kyrkjelydane skal utvikle eit tilbod med eit omfang og ein kontinuitet som gir regelbunden kontakt med dei barna, ungdommane og familiane som trusopplæringa rettar seg mot. Den systematiske trusopplæringa i kyrkjelyden er ofte bygd rundt tidsavgrensa breiddetiltak retta mot eit årskull. Når det gjeld omfang og innhald, kan breiddetiltaka vere både punktuelle, gå over nokre få samvær eller strekkje seg over lang tid. Fleire av forslaga her krev ei form der fleire samlingar blir knytte til eit jubileum, ei utdeling, høgtidsgudsteneste osv. Det er naturleg å byggje ut ein systematisk og samanhangande plan med utgangspunkt i innarbeidde breiddetiltak og i lokale tradisjonar og tilhøve i kyrkjelyden. Tiltaka kan med fordel knytast til høgtider.

Namna på tiltaka bør vekkje attkjenning og byggje bru mellom tiltaka i ei systematisk trusopplæring. Tidspunkta for tiltaka må vere familievennlege.

Breiddetiltaka i trusopplæringa må verke saman med gudstenestelivet i kyrkjelyden, med barne- og ungdomsarbeidet i regi av kristne organisasjonar og den formidlinga og trusutøvinga som skjer i heimane.

## 0–5 år

| Alder | Tiltak | Innhald | Omfang |
|---|---|---|---|
| 0 år | Invitasjon til dåp<br>Dåpssamtale<br>Dåpsgudsteneste<br>Fadderkontakt i form av helsing eller samling før eller etter dåpen | Dåpen, livet, familien | 5 timar |
| 1–5 år | Dåpsdagshelsing på eitt-, to- og treårsdagen for dåp<br>Barne-/familiegudstenester | Dåpen, bønn, høgtider | 5 timar |
| 0–2 år | Kurstilbod i permisjonstida<br>Babysong, trilletreff | Høgtider, kristne songar, bønn | 10 timar |
| 4 år | 4-årsfase med gudsteneste og utdeling av bok | Kyrkjehuset, kyrkjeåret, gudstenest | 10 timar |
| 5 år | 5-årsskule | Bibelforteljingar | 10 timar |

## 6–12 år

| Alder | Tiltak | Innhald | Omfang |
|---|---|---|---|
| 6 år | Skulestartmarkering | Bønn, velsigning, uro og glede | 3 timar |
| 6/7 år | Dåpsskule | Gudstenesta<br>Nattverd | 10 timar |
| 7 år | Julefeiring | Juleevangeliet | 5 timar |
| 8 år | Bu-heime-leir, fødselsdagen til kyrkja! | Pinse, verdsvid kyrkje | 12 timar |
| 9 år | Skaparverkets dag og haustakkefest | Den første trusartikkelen, forvaltaransvar, takksemd | 5 timar |
| 10 år | 10-årsjubileum for dåp | Jesus møter menneske, vennskap | 10 timar |
| 11 år | Overnatting i kyrkja – LysVaken | Advent, kyrkjehus | 12 timar |
| 11 år | Bibelkurs | Bibelen | 10 timar |
| 12 år | Bu-heime-leir | Bønn | 10 timar |

## 13–18 år

| Alder | Tiltak | Innhald | Omfang |
|---|---|---|---|
| 13 år | Du verda! | Misjon og diakoni | 5 timar |
| 13/14 år | Tiltak som peikar fram mot konfirmasjonstida | Informasjon, motivasjon, etablere relasjon | 5 timar |
| 15 år | Konfirmasjonstida med tenesteaksjon og leir | Heilskapleg møte med innhaldet i trusopplæringa | 60 timar |
| 15/16 år | Oppfølging av konfirmasjonstida | Gode vanar for tru i praksis<br>Vennskap | 8 timar |
| 16 år | Livskurs | Dei store spørsmåla, kall og etterfølging<br>Vegval | 10 timar |
| 13–18 år | Ungdomsgudstenester | Tru, håp og kjærleik | 10 timar |
| **Fordjuping** | | | |
| 13–18 år | Medarbeidarkurs og praksis | Heilskapleg refleksjon, forståing av den kristne trua<br>Medarbeidarskap | 12 timar |
| 13–18 år | Samtalegrupper | Samtale om trua og livet | 10 timar |
| 13–18 år | Kontinuerleg ungdomsarbeid | Livet som kristen | 12 timar |

VEDLEGG

# 4A «Størst av alt» trusopplæring i Bakkebygd kyrkjelyd

## Døme på ein lokal plan bygd på innarbeidde breiddetiltak

### Om dømet:

Dette dømet tek utgangspunkt i allereie innarbeidde breiddetiltak i kyrkjelyden, og utviklar desse tiltaka vidare og styrkjer dei når det gjeld innhald og omfang. I tillegg blir det etablert nye tiltak for å skape ein kontinuitet som sikrar samanheng. Dømet byggjer i hovudsaka på tidsavgrensa tiltak som rettar seg mot alle døypte, men i visse periodar blir det lagt til rette for tiltak som strekkjer seg over tid. Dømet byggjer på ein kombinasjon av punktuelle tiltak (døme: TAKK! 8 år), tiltak over nokre få samvær (døme: SKAP! 9 år) og lengre opplæringsperiodar (døme: bibelkurs 10 år og konfirmasjonstida). Tanken bak fleire av tiltaka er at dei skal gjennomførast saman med kontinuerleg arbeid for aldersgruppa. Dette er synleggjort nedst i planen.

**Føresetnader:** Eigne planar for samarbeid mellom kyrkje og skule/barnehage. Eigen plan for medarbeidarskap og for kommunikasjon. Trusopplæringa er dessutan koordinert med gudstenesteplanen og samarbeid med heimen.

| ALDER | NAMN PÅ TILTAK | MÅL FOR TILTAKET | TEMA/ INNHALD | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Livstolking og livsmeistring | Tru og tradisjon i kyrkja |
| 0 | DÅP! | – Bli kjende med kvarandre, kyrkjerommet og liturgien<br>– Reflektere saman med foreldra over dåp og lovnader. Gi informasjon om trusopplæringa i kyrkjelyden | – Møte foreldra/føresette og la dei fortelje om barnet og tilknytinga si til kyrkja og trua | – Dåpsbefalinga<br>– Dåpsliturgien<br>– Jesus og barna<br>– Truvedkjenninga |
| 0–1 | SYNG!<br>Babysong | – Byggje nettverk<br>– Motivere til trusopplæring i heimen | – Gi ord og tryggleik til å praktisere tru heime og i kyrkja | – Fadervår<br>– Truvedkjenninga<br>– Skaparverket |
| 1–3 | KOM! | – Oppmuntre foreldra/føresette til å markere dåpsdagen i heimen, og til kveldsbønn, bordbønn<br>– Invitere til gudsteneste<br>– Oppmuntre foreldra/føresette til å fortelje bibelhistorier<br>– Bli kjend i kyrkja<br>– Bli kjend med Jesus | – Sjølvbilete – å sjå seg som skapt unik i Guds bilete, at eg er elska og høyrer til hos Gud og i kyrkja<br>– Å snakke om tru | – Velsigninga<br>– Skapingsforteljinga<br>– Den første trusartikkelen<br>– Den andre trusartikkelen |
| 1–5 | SOFA!<br>(storfamiliesamling) | – Relasjonsbygging<br>– Byggje nettverk mellom foreldre/føresette og barn, motivere og myndiggjere foreldre/føresette til trusopplæring i heimen | – Byggje sjølvbilete og identitet<br>– Fremje sjølvstende og tilhøyrsle<br>– Skilje mellom godt og vondt<br>– Reflektere over trusmysteriet | – Ritual og symbol<br>– Den miskunnsame samaritanen<br>– Abraham og Sara<br>– Jakob<br>– Moses<br>– Truvedkjenninga |
| 4 | VENNER! | – Bli kjend og trygg i kyrkja, lytte til forteljingane, og fortelje dei | – Kva er ein venn?<br>– Reflektere over vennskap og få innsikt i at Jesus er barnas venn | – Jesus og barna<br>– Sakkeus<br>– Bli kjend i kyrkja<br>– Den andre trusartikkelen |

Hovudmål for trusopplæringa «STØRST AV ALT» i Bakkebygd kyrkjelyd:

«Barn og unge skal bli hos Kristus når dei veks opp, slik som dei i dåpen vart sameina ved han.»

Barn og ungdom hos oss skal få lære meir om trua dei er døypte til. Dei skal få kjennskap til og kunnskap om kristen tru og tradisjon. Dei skal få oppleve at det å leve som kristen er å sjå heile livet i lys av den kristne trua. Barn og ungdom skal få oppleve at dei lever livet i eit fellesskap der dei sjølve kan medverke, og der dei kan få erfaringar for praktisk kristenliv i kvardagen.

| Kristen tru i praksis | ARBEIDSMÅTAR | OMFANG | KOMMENTAR |
|---|---|---|---|
| – Be Fadervår<br>– Delta i liturgien og salmane<br>– Delta i dåpshandlinga<br>– Bønn for og med barnet | – Dåpssamtale<br>– Dåpsgudsteneste<br>– Dåpslys<br>– Informasjonsfaldar | – 2 samvær<br>– 3 timar | – Kontinuerleg<br>– Viktig: Gi tips til foreldra/føresette om materiell |
| – Det doble kjærleiksbodet<br>– Bønn<br>– Syngje<br>– Leike saman | – Song<br>– Leik<br>– Samtale<br>– Andakt<br>– Måltidsfellesskap | – 7 samlingar<br>– 14 timar | – Samarbeid med helsestasjonen om tema rundt barn, foreldrerolle og oppseding |
| – Be Fadervår<br>– Be kveldsbønn<br>– Syngje bordvers<br>– Høyre forteljingar<br>– Syngje songar<br>– Sjå, høyre og gjere evangeliet<br>– Gudsteneste | – Helsing med påminning om dåpsdag og invitasjon til gudsteneste og SOFA<br>– Gudsteneste, forteljing, involvering, kyrkjekaffi<br>– Leike evangeliet<br>– Utdeling på gudsteneste:<br>• Bordbrikke med bordvers (1 år)<br>• CD til bruk i heimen (2 år)<br>• Kveldsbønnplakat (3 år) | – 3 samlingar over 3 år<br>– 6 timar | – Kontinuerleg (utvikle dåpsperm, ferdig 2010)<br>– Søndagsskulen deltek i gudstenesta<br>– Viktig å ha kyrkjekaffi og byggje relasjonar<br>– Eventuelt foreldrekurs |
| – Den gylne regelen<br>– Be bønner<br>– Syngje<br>– Diakoni<br>– Delta i gudstenesta | – Middag, familiekor, leik, kurs for foreldra medan barna leikar, andakt/liturgisk avslutning<br>– Gudsteneste | – Vi tel 12 samlingar for kvart barn desse 6 åra<br>– 30 timar | – Kontinuerleg (éin gong i månaden, ev. utvide til møte oftare)<br>– Send helsing med invitasjon den 1. kvar månad<br>– Familiekoret deltek i 4 gudstenester i året |
| – Syngje bordvers<br>– Be Fadervår<br>– Syngje songar<br>– Vere medarbeidarar i gudstenesta | – Brev heim med invitasjon<br>– Undretur i kyrkja<br>– Gudsteneste med utdeling av fireårsbok<br>– Kreativ verkstad<br>– Forteljing | – 2 samlingar<br>– 6 timar | – Barnegospel, søndagsskulen deltek<br>– Ei samling kvart semester for å dele kullet |

Forts. neste side

Forts. fra forrige side

| ALDER | NAMN PÅ TILTAK | MÅL FOR TILTAKET | TEMA/ INNHALD | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Livstolking og livsmeistring | Tru og tradisjon i kyrkja |
| 5 | KLAR, FERDIG, GÅ!<br>Skulestartmarkering i gudsteneste | – Barnet opplever seg som sett og stadfesta | – Takksemd over å vere Guds barn<br>– Glede over at Gud ser oss og behova våre | – Den takksame samaritanen<br>– Fadervår |
| 6 | HØYR!<br>Gudstenesta og påska | – Barnet opplever seg som sett og høyrt<br>– Høyre bibelforteljingar og få høve til å undre seg og reflektere over dei | – Kjenne seg trygg<br>– Arbeide med sjølvbilete og identitet, sjølvstende og tilhøyrsle<br>– Reflektere over forteljingane og sjå dei i lys av eigne erfaringar | – Den andre trusartikkelen<br>– Skaping<br>– Dåp<br>– Bartimeus<br>– Den gode hyrdingen<br>– Påska<br>– Nattverd<br>– Sonen som kom heim<br>– Kyrkjehuset og symbola |
| 7 | GÅ!<br>Jule- og påskevandring | – Bli kjend med adventstida og juleforteljingane | – Erfare evangeliet<br>– Bli trygg i kyrkjerommet<br>– Snakke om tru | – Maria<br>– Elisabet<br>– Juleevangeliet<br>– Dei tre vise menn<br>– Lucia<br>– Påskeforteljinga |
| 8 | TAKK!<br>Skaparverkets gåver | – Skape refleksjon over at vi er skapte av Gud og er medskaparar<br>– Om å gi og få, og ta vare på miljøet | – Å kjenne at eg høyrer til hos Gud<br>– Å ha ansvar for kloden<br>– Mi rolle i vennskap og relasjonar | – Den første trusartikkelen<br>– Skapingsforteljinga<br>– Den rike bonden<br>– Det daglege brødet / Fadervår |
| 9 | SKAP!<br>Kunst og symbolikk | – Oppleve og bli kjend med kyrkjekunst, kyrkjemusikk og kyrkjelege symbol<br>– Skape kunst sjølv | – Finne språk om tru via kunstuttrykk og samtale, refleksjon og undring | – Kyrkjekunst og forteljingar om kunsten<br>– Orgelet som hovudinstrument i kyrkja (Petter Dass / Bach) |
| 10 | LES!<br>Bibelkurs | – Lære korleis Bibelen er bygd opp, lære å slå opp og finne fram<br>– Lære om den store og den vesle forteljinga | – Reflektere over si eiga forteljing og sjå livet sitt i lys av den store forteljinga | – Bibelen – Guds ord – den store forteljinga<br>– Kyrkjehistorie<br>– Pinse – Den tredje trusartikkelen<br>– 4 B<br>– Jesus<br>– Paulus |
| 11 | LYSVÅKEN<br>Overnatting i kyrkja | – Oppleve at kyrkja er mitt hus<br>– Kjenne seg trygg og oppleve og bli sedd og høyrd | – Oppleve at kyrkja er mitt hus<br>– Kjenne seg trygg og oppleve og bli sedd og høyrd | – Jesus i tempelet<br>– Barna på tempelplassen<br>– Johannesprologen |
| 12 | BE! Kristus-kransen | – Få meir kunnskap om bønn og inspirasjon til eige bønneliv | – Refleksjon over eige forhold til bønn, og få reiskapar til eige bønneliv | – Knytt til perlene med tema: Gud, Kristus, Eg, Dåp, Ørken, Stille, Glede, Kjærleik, Hemmeleg, Natt og Oppstode |

| Kristen tru i praksis | ARBEIDSMÅTAR | OMFANG | KOMMENTAR |
|---|---|---|---|
| – Gudsteneste<br>– Bønnevandring | – Brev heim med invitasjon til skulestartmarkering i gudsteneste<br>– Utdeling av film/bok | – 1 samling<br>– 2 timar | – Første søndag etter skulestart |
| – Be bønner<br>– Syngje<br>– Be velsigninga<br>– Aktivitet og leik<br>– Nattverd<br>– Gjere diakoni/tenesteoppgåve<br>– Ta del i liturgien | – Forteljing<br>– Vandring<br>– Undring<br>– Handling<br>– Måltidsfellesskap<br>– Liturgisk leik<br>– Medarbeidar i gudsteneste<br>– Utdeling av bok i gudsteneste | – 9 samlingar<br>– 30 timar | – I kyrkja i SFO-tida, barna blir henta på skulen, og foreldra/føresette hentar dei i kyrkja<br>– Foreldremøte før oppstart |
| – Be og teikne bønner<br>– Syngje<br>– Høyre og sjå bibelforteljingar<br>– Vandre<br>– Gjere liturgi | – Vandring<br>– Adventsverkstad<br>– Påskeverkstad<br>– Liturgisk avslutning<br>– Måltid | – 2 samlingar<br>– 8 timar | – Samling kvart semester |
| – Be bønner<br>– Syngje<br>– Velsigning<br>– Aksjon om ansvar for skaparverket<br>– Oppleve å gi | – Aktivitetar/leik<br>– Blåbætur<br>– Samtale, undring<br>– Lage mat og ha måltidsfellesskap<br>– Liturgisk avslutning | – 1 samling<br>– 10 timar | – Planleggingsdag før skulestart med foreldremiddag |
| – Be bønner<br>– Syngje<br>– Fortelje om eige kunstverk<br>– Medarbeidar i gudstenesta | – Arbeide med ulike kunstuttrykk<br>– Utstilling/vernissasje<br>– Gudsteneste | – 4 samlingar<br>– 14 timar | – 2 kveldar, ein laurdag, og gudsteneste, samarbeid med lokale kunstnarar og kantor/organist |
| – Dei ti boda<br>– Lese i Bibelen<br>– Be bønner<br>– Syngje<br>– Medarbeidar i gudstenesta<br>– Misjon<br>– Tilgiving<br>– Diakoni<br>– Arbeide med forteljinga | – Vandring<br>– Samtale<br>– Oppgåver<br>– Leik<br>– Måltid<br>– Gudstenesteverkstad | – 11samlingar<br>– 44 timar | – Begynner etter skuletid (kl. 14.00), sluttar med liturgisk samling |
| – Den gylne regelen<br>– Medarbeidar i gudstenesta<br>– Be bønner<br>– Syngje<br>– Utforske<br>– Vandre<br>– Arbeide med forteljinga | – Skattejakt<br>– Be bønner<br>– Syngje songar<br>– Aktivitetar og leik<br>– Gudstenesteverkstad<br>– Forteljing og samtale | – 1 samling<br>– 12 timar | – Samarbeid med Gospel'n, speidarane og sKRIK, og med idrettslaget og Raudekrossen |
| – Be med kransen<br>– Vandring<br>– Lystenning<br>– Medarbeidarar i gudstenesta<br>– Arbeide med forteljinga | – Lage kransen<br>– Bønneverkstad<br>– Gudsteneste<br>– Leik<br>– Samtale<br>– Forteljing | – 6 samlingar<br>– 22 timar | – Planleggingsdag etter jul, 4 samlingar på ettermiddagstid, sluttar med temagudsteneste og foreldrefest |

Forts. neste side

Forts. fra forrige side

| ALDER | NAMN PÅ TILTAK | MÅL FOR TILTAKET | TEMA/ INNHALD | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Livstolking og livsmeistring | Tru og tradisjon i kyrkja |
| 13 | VEL!<br>Snart konfirmasjon | – Få god informasjon om konfirmasjonstida<br>– Møte ungdomsmiljøet i kyrkja<br>– Å bli teken på alvor | – Livet handlar om val – kvifor vel eg som eg gjer? | – Peters vedkjenning<br>– Peters fornekting<br>– Peter på stranda |
| 14 | KOMFrAm!<br>Konfirmasjon | – Arbeide heilskapleg med Bibelen, eige liv, praksisar og kristen tru<br>– Gi mot og inspirasjon til å leve som kristen | – Sjå sin eigen plan<br>– Gjennom refleksjon, kunnskap og erfaringar skal konfirmanten sjå livet sitt i lys av kristen tru | – Sjå sin eigen plan<br>– Truvedkjenninga<br>– Bibelen – GT og NT<br>– Sakramenta<br>– Gudsteneste<br>– Boda<br>– Fadervår<br>– Arbeide vidare med Kristus-kransen |
| 15 | KOM IGJEN!<br>Gjensynstreff | – Oppleve konfirmasjonstida på nytt og reflektere over kva plass trua har i livet<br>– Bli utfordra til å vere med på arrangement vidare | – Tryggleik<br>– Tilhøyrsle<br>– Fellesskapet<br>– Om å tene<br>– Å meistre utfordringar | – Å vinne sigerskransen<br>– Paulus og Barnabas<br>– Maria, Jesu mor<br>– Misjon |
| 16–18 | PÅFYLL!<br>Ungdoms-gudstenester | – Oppleve ein møtestad der det er rom for heile livet, der alle blir inkluderte i fellesskapet og utfordra på tru og identitet<br>– Utfordre til medarbeidarskap | – Sjanse til å vidareutvikle sjølvbiletet og ein trygg identitet som Guds barn<br>– Ta ansvar for skaparverket, utfordring til etisk refleksjon og til sjølvstendige val<br>– Kropp og seksualitet | – Dei store orda: nåde, kjærleik, solidaritet<br>– Tilgiving, frelse, synd, forsoning, val, etikk, sorg, tap, håp |
| 17–18 | MEIR!<br>For dei som vil ha MEIR | – Ein møtestad med rom og opning for fellesskap, utvikling av tru, identitet og talent | – MEIR-input: Styrkje personleg utvikling, i diskusjonar, kurs eller samtale<br>– MEIR-tur: Gi opplevingar og sosialt samvær | – MEIR-bibel: Vekkje interesse og styrkje kunnskap om bibelske spørsmål<br>– MEIR-kyrkje: Det verdsvide kyrkjefellesskapet og oppdraget til kyrkja. Misjon og økumenikk |
| 18 | STÅ!<br>På eigne bein | – Gi mot og inspirasjon til eigne val, og til å leve eit liv saman med Jesus og i fellesskap med andre | – Det myndige mennesket<br>– Kjærleik og samliv, fysisk og psykisk helse, økonomi, utdanning og yrkesval | – Den tredje trusartikkelen<br>– Ester |

| Kristen tru i praksis | ARBEIDSMÅTAR | OMFANG | KOMMENTAR |
|---|---|---|---|
| – Bønn – ord, song og stille<br>– Bibelvandring<br>– Syngje<br>– Arbeide med forteljinga | – Leik<br>– Kor<br>– Informasjon<br>– Vandring<br>– Bønn<br>– Film | – 1 samling<br>– 6 timar | – Samarbeid med Ten Sing og speidarane |
| – Sjå sin eigen plan<br>– Oppleve evangeliet gjennom handling<br>– Bønn<br>– Song<br>– Diakoni<br>– Misjon | – Se egen plan<br>– Lørdags- og ukesamlinger<br>– Leir 5 dager<br>– Gudstenester<br>– Linjeval | – 60 timar | – Samarbeid med Ten Sing, KRIK, speidarane<br>– Medarbeidarar frå TEN! |
| – Be bønner<br>– Syngje<br>– Samtale<br>– Gudstenester | – Natt-turnering<br>– Andakt<br>– Mimrefilm<br>– Kino<br>– Samtalegrupper<br>– Gudsteneste<br>– Quiz | – 1 samling<br>– 12 timar (nattarrangement) | – Arrangement for 10.-klassingar<br>– Samarbeid med KRIK-gruppa og medarbeidarane i KOMFram |
| – Be bønner<br>– Syngje<br>– Handling<br>– Gudsteneste<br>– I tillegg for medarbeidarar: gudstenesteverkstad | – Gudsteneste<br>– Kyrkjekafé | – 4 gudstenester per år<br>– 12 timar | – Alle i aldersgruppa får invitasjon som e-post eller SMS. Ein gong i året blir alle spurde om å vere medarbeidar i gudstenesta |
| – MEIR-moro: Ha det gøy og le saman<br>– MEIR-kultur: Delta i kulturelle opplevingar<br>– GI-Meir: Diakonalt eller misjonsprosjekt | – Bibeltimar<br>– Konsert/teater<br>– Leik<br>– Film<br>– Kurs<br>– Samtale<br>– Tur | – 8 samlingar<br>– 16 timar | – Alle i aldersgruppa får invitasjon som e-post eller SMS.<br>– Samling 4 søndagskveldar i semesteret<br>– Weekendtur |
| – Etikk<br>– Bibellesing<br>– Song og musikk<br>– Tilgiving og forsoning | – Intro<br>– Samtale<br>– Grupper<br>– Song<br>– Bønn | – 3 samlingar<br>– 14 timar | – Markering av myndigalder i tilknyting til siste PÅFYLL! før sommaren |

Forts. neste side

Forts. fra forrige side

| **KONTINUERLEGE TILTAK** (der ein ikkje tel timar, men planlegg i dialog med trusopplæringstiltaka) | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 4–18 | – TEN SING<br>– sKRIK /KRIK<br>– SPEIDARANE<br>– Søndagsskule<br>– Barnegospel | | | |
| 10–12 | BLI MED! | Få innblikk i det arbeidet kyrkjelyden har for aldersgruppa<br>10: Gospel'n og sKRIK<br>11: Speidaren og sKRIK<br>12: Ten Sing og sKRIK | | |
| 15–18 | TEN!<br>Saman er vi sterke! | – Utvikle medarbeidarar til arbeid i kyrkjelyden<br>– Bli trygg og medviten i leiarrolla<br>– Bli aktive bibelbrukarar | – Bli medviten om sjølvbilete og eiga tru<br>– Få sjølvtillit og bli trygg på talent og nådegåver, og utvikle dei<br>– Arbeide med livs- og trushistorie | – Bibelkunnskap<br>– Etikk<br>– Truvedkjenninga<br>– Timoteus |
| 15–18 | HENG PÅ!<br>Leir | – Møte andre kristne ungdommar i eit kriste fellesskap som kan utfylle dei erfaringane dei har<br>– Inspirasjon og utdjuping<br>– Invitasjon til Skjergardstreff, Action, Arena, TT og andre arrangement<br><br>Dette er ikkje noko vi organiserer, men det er greitt å ha i planen at vi skal gjere det | | |

| | | |
|---|---|---|
| | | Kontinuerlege tiltak i samarbeid med trusopplærings-tiltaka om enkeltståande arrangement og gudstenester |
| | | Etter tiltaka for 10-, 11- og 12-åringane blir alle inviterte til å delta i aktivitetar i kyrkja for å finne ut om dei har lyst til å bli med |
| – Leiarkunnskap<br>– Praksis i å planleggje og å leie<br>– Arbeide med formidling<br>– Diakonal teneste | – Kurs<br>– Samtale<br>– Praksis<br>– Leik<br>– Erfare<br>– Planleggje og gjennomføre<br>– Gruppearbeid<br>– Evaluering | Kurs for dei som ønskjer å vere medarbeidarar i kyrkjelyden |
| | | Utsending av informasjon til aldersgruppa med tilbod om diverse leirar |

VEDLEGG
# 4B «Smått er godt»

Utgangspunkt for dette dømet er små kyrkjelydar med få barn der ungdommane reiser ut når dei er ferdige med ungdomsskulen. Det er få tilsette i kyrkja i området, og kyrkjelydane har innleidd eit samarbeid – jamvel om det er stor avstand mellom kyrkjene.

Hovudideen er å samle trusopplæringa til ferieklubb to gonger i året (ein gong for kvar aldersgruppe 6–9 og 10–13). Det er ein føresetnad at det er fire rullerande temaopplegg, slik at innhaldet er endra for kvart år deltakarane er med.

I tillegg er det tiltak og familiearbeid for dei yngste barna. I forkant av «LysVaken» er skulen på kyrkjebesøk og arbeider med arkitektur/kunst/musikk. Nokre av tiltaka blir gjennomførte lokalt, gjerne med fleire årskull, slik at det blir ein gjeng som er samla, andre tiltak samlar eit årskull til førebuingssamling sentralt, medan gudstenesta blir halden lokalt. I sentrum, der ungdommane går på vidaregåande skule, er det inngått eit samarbeid med ein barne- og ungdomsorganisasjon og kyrkjelyden, som har eit stort ungdomsarbeid.

| ALDER | NAMN PÅ TILTAK | MÅL FOR TILTAKET | TEMA/ INNHALD | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Livstolking og livsmeistring | Tru og tradisjon i kyrkja |
| 0 | Dåp | – Byggje relasjonar<br>– Gi informasjon om trusopplæringa i kyrkjelyden<br>– Reflektere saman med foreldra/føresette om dåp og lovnader | – Møte foreldra/føresette og la dei fortelje om barnet, og om tilknytinga til kyrkja og trua | – Dåpsbefalinga<br>– Dåpsliturgien<br>– Jesus og barna<br>– Truvedkjenninga |
| 1–5 | Dåpshelsing med gåve | – Motivere til trusopplæring i heimen, og til å kome til kyrkja | – Motivere og myndiggjere foreldra/føresette til kveldsbønn, bordbønn, syngje og lese bibelforteljingar | – Bønn<br>– Bibel<br>– Truvedkjenninga |
| 1–5 | Barne-/familie-gudsteneste | – Barn og foreldre/føresette skal oppleve at dei høyrer til Gud, Jesus, kyrkja og kyrkjelyden | – Oppleve å vere sedd, verdifull og elska<br>– Eg høyrer til hos Gud og er heime i kyrkja<br>– Vennskap – fellesskap | – 1 år: Skapt i Guds bilete<br>– 2 år: Gud passar på<br>– 3 år: Jesus, Guds son (jul)<br>– 4 år: Jesus, min venn (sjå eige tiltak)<br>– 5 år: Guds puslespel (om å vere ein del av skaparverket) |
| 4 | Fireårsbok | – Barna skal oppleve kyrkja som eit spennande hus, og at Jesus er min venn | – Refleksjon over vennskap – kva er ein venn? | – Jesus, min venn<br>– Den gode hyrdingen<br>– Sauen som vart funnen<br>– Mi kyrkje<br>– Kyrkjeåret |
| 6 | Seksårsbok | – Barna skal kjenne seg trygge på kyrkja og det som finst der<br>– Få kunnskap om innhaldet i dåpen | – Bli kjend med symbola i kyrkja og reflektere over forteljingane | – Kyrkjehuset – kunst og symbol<br>– Dåpen – Guds gåve |
| 6–9 | Ferieklubb | – Oppleve fellesskap og kjenne seg trygg saman med andre<br>– Bli fortruleg med forteljinga i Bibelen og innhaldet i trua | – Oppleve fellesskap<br>– Identitet<br>– Samarbeid<br>– Få kunnskap om evangeliet og tradisjonane i kyrkja, oppleve og reflektere | – Truvedkjenninga<br>– Forteljingar frå Jesu liv<br>– Den store forteljinga i Bibelen frå skaping til ny himmel og ny jord<br>– Kyrkja<br>– Fadervår<br>– Nattverd<br>– Pinse og Den heilage ande |

**FØRESETNAD:**
At *Plan for trusopplæring* og *Plan for gudstenesteliv* heng saman.

**VISJON:**
Ei kyrkje som formidlar ei levande tru på Jesus, så barn og unge kan leve i trua og sjå livet i lys av kristen tru. Ei kyrkje som samlar til gudsteneste og bønn. Ei kyrkje som tener og samlar lokalsamfunna.

**MÅL:**
Alle døypte skal få systematisk opplæring i kristen tru i tråd med trusopplæringsplanen. Arbeidet skal vere prega av opplevingsbasert læring som kan skape undring og tru. Organisasjonane i nærmiljøet og familiane til barna samarbeider om relasjonar, inkludering og det å vere tydeleg.

| Kristen tru i praksis | ARBEIDSMÅTAR | OMFANG | KOMMENTAR |
|---|---|---|---|
| – Be Fadervår<br>– Delta i liturgien og salmane<br>– Delta i dåpshandlinga<br>– Bønn for og med barnet | – Dåpssamtale<br>– Dåpsgudsteneste<br>– Dåpslys<br>– Informasjonsfaldar | – 2 samvær<br>– 3 timar | – Kontinuerleg<br>– Viktig: Gi tips til foreldra/ føresette om materiell |
| – Bønn<br>– Bordvers<br>– Song<br>– Lese bibelforteljingar<br>– Gudsteneste | Helsing heim med materiell:<br>• 1 år: Kveldsbønnplakat<br>• 2 år: Bordbrikke med bordvers<br>• 3 år: CD med kristne songar<br>• 4 år: Fireårsbok/film<br>• 5 år: Film/bok | | – «Korps» som besøkjer dåpsfamiliane med helsing og gåve<br>– Presenterer tilbodet frå kyrkjelyden, motiverer til trusopplæring i heimen |
| – Be Fadervår<br>– Delta i liturgien og salmane<br>– Høyre og oppleve bibelforteljingane | – Gudsteneste<br>– Forteljing<br>– Verkstad<br>– Song<br>– Bønn | – 5 samvær<br>– 10 timar | – Sende ut brev fire gonger i året der alle får invitasjon til familiegudsteneste i de ulike kyrkjene<br>– Ei gudsteneste i kvar kyrkje kvart år |
| – Be Fadervår<br>– Delta i liturgien og salmane<br>– Lære bibelforteljingane | – Forteljing<br>– Skattejakt<br>– Verkstad<br>– Bønn<br>– Song<br>– Gudsteneste | – 2 samvær<br>– 6 timar | – Fellessamling på førehand i hovudkyrkja, utdeling av bok i eiga kyrkje |
| – Be Fadervår<br>– Delta i liturgien og salmane | – Forteljing<br>– Vandring<br>– Verkstad<br>– Bønn<br>– Song<br>– Gudsteneste | – 2 samvær<br>– 7 timar | – Fellessamling på førehand i hovudkyrkja, utdeling av bok i eiga kyrkje |
| – Be bønner<br>– Syngje<br>– Utforske<br>– Vandre<br>– Medarbeidar i gudstenesta<br>– Bibellesing<br>– Tilgiving | – Aktivitetar og leik, ute og inne<br>– Vandring<br>– Verkstad<br>– Forteljing<br>– Samtale | – 5 samvær per ferieklubb<br>– 30 timar (alle er med minst to gonger = 60 timar) | – Samling første veka i skuleferien, måndag til fredag 9.00–15.00 |

Forts. neste side

Forts. fra forrige side

| ALDER | NAMN PÅ TILTAK | MÅL FOR TILTAKET | TEMA/ INNHALD | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Livstolking og livsmeistring | Tru og tradisjon i kyrkja |
| 10–12 | LysVaken | – Oppleve at kyrkja er mitt hus<br>– Kjenne seg trygg, oppleve å bli sedd og høyrd | – Få inspirasjon til å vere LysVaken overfor seg sjølv, Gud og andre<br>– Reflektere over kven Jesus er for meg | – Jesus i tempelet<br>– Barna på tempelplassen<br>– Johannesprologen<br>– Jesus er lyset i verda |
| 10–13 | Ferieklubb – leir | – Oppleve fellesskap og kjenne seg trygg på andre<br>– Bli fortruleg med forteljinga i Bibelen og innhaldet i trua | – Oppleve fellesskap<br>– Identitet<br>– Samarbeid<br>– Få kunnskap om evangeliet og tradisjonane i kyrkja, oppleve og reflektere | – Bibelen<br>– Truvedkjenninga<br>– Kyrkja<br>– Sakramenta<br>– Kristus-kransen<br>– Den verdsvide kyrkja og misjonen |
| 14 | Konfirmasjon | – Gi eit fullstendig oversyn over kristen tru og kriste liv | – Konfirmasjonen skal fremje opplevinga av eigenverd og leggje til rette for at konfirmanten kan sjå seg sjølv og tolke verda si som skapt, elska og halden oppe ved Guds kjærleik<br>– Sjå eigen plan | – Konfirmantane skal lære å kjenne den treeinige Gud gjennom Bibelen som Guds ord, truvedkjenninga, sakramenta og andre sentrale uttrykk for den kristne trua.<br>– Dei skal bli kjende med dei kristne høgtidene og kyrkja dei høyrer til<br>– Sjå eigen plan |
| 15 | Nyttårstreff<br>Gjensynstreff | – Å møtast igjen etter konfirmasjonstida, sjå og stadfeste kvar enkelt<br>– Arbeide med trus- og livsspørsmål<br>– Kartleggje kva dei ønskjer at kyrkja skal tilby dei | – Bli medviten om eigne val og kva verknad vala får for andre<br>– Leve livet saman med Jesus | – Boda og etiske spørsmål<br>– WWJD<br>– Salmar<br>– Jesus møter menneske |
| 15–18 | «Bu borte – vere heime» | – Ha eit tilbod frå kyrkja der ungdommane er<br>– Utvikle samarbeid på tvers av grensene<br>– Tilby ein rusfri og trygg møtestad for denne gruppa | – Få høve til å arbeide med personleg vekst, reflektere over dei store spørsmåla og bli medviten om sin eigen identitet og si eiga trushistorie | – Dei store orda: nåde, kjærleik, solidaritet, omvending, tilgiving, frelse, synd, sorg |
| 15–18 | Ungdoms-gudstenester | – Oppleve ein møtestad der det er rom for heile livet, der den enkelte blir inkludert i fellesskapet og utfordra på tru og identitet<br>– Utfordre til medarbeidarskap | – Sjanse til å vidareutvikle sjølvbiletet og ein trygg identitet som Guds barn<br>– Ta ansvar for skaparverket, utfordre til etisk refleksjon og sjølvstendige val<br>– Kropp, seksualitet | – Dei store orda: nåde, kjærleik, solidaritet, tilgiving, frelse, synd, forsoning, val, etikk, sorg, tap, håp<br>– Brevlitteraturen<br>– Salmar<br>– Ny himmel og ny jord |
| 15–18 | Medarbeidarkurs til Ferieklubb | – Gjere det mogleg for dei unge å vekse gjennom ansvar i kyrkjelyden | – Personleg vekst og refleksjon om dei store spørsmåla og sentrale dimensjonar i livet<br>– Arbeide med trus- og livshistorie | – Paulus<br>– Timoteus<br>– Nådegåver<br>– Oppbygginga av kyrkja, demokratiet i kyrkja |

| Kristen tru i praksis | ARBEIDSMÅTAR | OMFANG | KOMMENTAR |
|---|---|---|---|
| – Den gylne regelen<br>– Medarbeidar i gudstenesta<br>– Be bønner<br>– Syngje<br>– Utforske<br>– Vandre<br>– Bibelarbeid | – Skattejakt<br>– Be bønner<br>– Syngje songar<br>– Aktivitetar og leik<br>– Gudstenesteverkstad<br>– Forteljing og samtale | – 1 samling<br>– 12 timar | – Natt til første søndag i advent<br>– Overnatting i kyrkja<br>– Forskjellig kyrkje frå år til år |
| – Be bønner<br>– Syngje<br>– Utforske<br>– Vandre<br>– Medarbeidar i gudstenesta<br>– Bibellesing<br>– Song og musikk | – Aktivitetar og leik, ute og inne<br>– Vandring<br>– Verkstad<br>– Forteljing<br>– Samtale | – 1 samvær (3 døgn / 4 dagar)<br>– 35 timar (alle er med minst tre gonger = 105 timar) | – Samling siste veka i skuleferien<br>– Leir tysdag til fredag<br>– Avslutningsgudsteneste fredag ettermiddag med foreldre/føresette |
| – Konfirmantane skal arbeide med kva det vil seie å elske Gud, seg sjølv og nesten sin<br>– Dei skal lære å be, lese Bibelen, feire gudsteneste og vise nestekjærleik i praktisk solidaritet<br>– Dei skal få uttrykkje seg sjølve, trua og skaparevna si<br>– Sjå eigen plan | – Konfirmantopplegget må byggjast rundt sentrale arbeidsformer som gudstenester, undervisning, diakoni og andaktsliv<br>– Sjå eigen plan | – 21 samvær<br>– 60 timar | – 2 laurdagssamlingar + langhelg felles<br>– 8 samlingar lokalt<br>– 8 gudstenester |
| – Bønn<br>– Song<br>– Lystenning<br>– Vandring<br>– Leik<br>– Bibelarbeid | – Temasamling med film, snakk, samtale, quiz, song og bønn<br>– Måltidsfellesskap<br>– Informasjon om «Bu borte – vere heime» og medarbeidarkurset<br>– Midnattsmesse | – 1 samvær<br>– 7 timar | – Før skulestart i januar |
| – Kristen/allmenn etikk, kjerneverdiar å byggje livet og vala våre på: respekt, menneskeverd, ærlegdom og rettferd, pengar, familie, rus og den digitale kvardagen<br>– Forskjellig etter kva dei vel å vere med på<br>– Innhaldet i dei ulike aktivitetane må koordinerast | – Tilbod om samtale til hybelbuarane<br>– Tilbod om kafé, kor, klubb og gudstenester<br>– Tilbod om kurs/grupper som møtest jamleg | – Vanskeleg å vite kor mange, men vi går ut frå at alle deltek i til saman 45 timar desse åra | – Samarbeid med organisasjon og kyrkjelyd i sentrum der ungdommane går på vidaregåande skule |
| – Be bønner<br>– Syngje<br>– Handling<br>– I tillegg for medarbeidarar: gudstenesteverkstad | – Gudsteneste<br>– Kyrkjekafé | – 2 gudstenester per år<br>– 6 timar | – Samarbeid med organisasjon og kyrkjelyd der ungdommane går på vidaregåande skule<br>– Alle i aldersgruppa får invitasjon som e-post eller SMS<br>– Ungdommane er med på å planleggje og er medarbeidarar |
| – Medarbeidarskap<br>– Bønn<br>– Song og musikk<br>– Diakoni<br>– Bibelbruk | – Medarbeidarar på Ferieklubb og konfirmanthelg | – Eigne samlingar og deltaking på Ferieklubben | – Samling to helgar i vårsemesteret<br>– Samarbeid med organisasjonar |

**Foto:**

Side 12 *Over streken t.h., begge bilder:* Håkon Broder Lund
*Under streken t.v.:* Gunnhild Bjørdal
*Under t.h.:* Esko Jämsä

Side 26 *Over streken t.v.:* Elisabeth Møll Jung
*Under streken t.v., nederst:* Thea Haavet
*Under streken t.h.:* Aud Ingebjørg Haldaas

Side 36 *Over streken t.v. :* Elisabeth Møll Jung
*Over streken t.h., øverst:* Torstein Ihle
*Over streken t.h., nederst:* Marit Hommedal
*Under streken t.v.:* Christina Grevbo
*Under streken t.h.:* Torstein Ihle

Side 63 *Over streken t.h.:* Torstein Ihle
*Under streken t.v.:* Beate Frigstad
*Under streken t.h.:* Gunnhild Bjørdal

RESSURSBANK

Ressursbanken inneheld eit mangfald
av tiltaksbeskrivingar som hjelp og
inspirasjon i kyrkjelydsarbeidet.
www.størstavalt.no











## FØREMÅLET MED TRUSOPPLÆRINGA

*Plan for trusopplæring* i Den norske kyrkja har som føremål å medverke til ei systematisk og samanhangande trusopplæring som

- vekkjer og styrkjer kristen tru
- gir kjennskap til den treeinige Gud
- medverkar til kristen livstolking og livsmeistring
- utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv

for alle døypte i alderen 0–18 år, uavhengig av funksjonsevne.

## INNHALDET I TRUSOPPLÆRINGA

Jesus Kristus viser oss Guds nåde i sanning og kjærleik. Trusopplæringa skal dermed alltid ha eit fokus på det mest sentrale i kristen tru: Gud har vist kjærleiken sin ved å sende sonen sin, Jesus Kristus, for å døy for syndene våre og forsone alle menneske og verda med seg sjølv. Alle er kalla til å leve og vekse i denne trua som blir gitt i dåpen, gjennom dagleg omvending. Hovudoppgåva i trusopplæringa er å lære å halde alt det Jesus har befalt, så alle døypte lever i tru og håp verksam i kjærleik.

Planen prøver å halde saman livssituasjonen til den enkelte, kristen tru og tradisjon og eit fokus på kristen tru i praksis.

## OPPBYGGINGA AV TRUSOPPLÆRINGA

Trusopplæringa skal vere systematisk og samanhangande i innhald og oppbygging. Ho skal vere heilskapleg, ha eit visst omfang og vere for alle døypte, med det deltakartalet og det mangfaldet som følgjer av det. Trusopplæringa skal utformast slik at den døypte har eit tilbod om 315 timar trusopplæring gjennom atten år. Gjennom gudstenestelivet, diakonalt arbeid, kyrkjemusikk og kultur gir kyrkjelyden gode rammer for heilskapleg læring i kyrkjelydsfellesskapet. Breiddetiltaka i opplæringa må verke saman med gudstenestelivet og barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden og den formidlinga og trusutøvinga som skjer i heimen.

**VI DELER** er uttrykk for at kyrkjelyden er eit lærande fellesskap der alle har noko å lære når vi saman utforskar kjeldene og uttrykksformene i trua. Som medlemmer av kyrkjelydsfellesskapet vekslar vi mellom å vere mottakarar, deltakarar og medarbeidarar. Trusopplæring er ein danningsprosess der oppseding, undervisning, tradisjonsformidling og kristen tru i praksis spelar saman. Opplæringa må bere preg av totalformidling, der kunnskap og opplevingar i kyrkjelyd og heim gir læring i og av fellesskapet.

**VI DELER tru og undring**
**VI DELER kristne tradisjonar og verdiar**
**VI DELER opplevingar og fellesskap**
**VI DELER håp og kjærleik**

DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjerådet

STØRST AV ALT

**VISJON**
Ei raus og tydeleg kyrkje
der barn og unge lever livet
i tru, håp og kjærleik.

gjennom livet